



KVINNHERAD
K O M M U N E

Årsmelding

2020



Innholdsfortegnelse

1	Kvinnherad	4
1.1	<i>Om årsmeldinga.....</i>	4
1.2	<i>Kommunedirektøren si innleiing</i>	4
1.2.1	<i>Organisasjon.....</i>	5
1.2.2	<i>Måltal.....</i>	6
1.2.3	<i>Prioriterte område</i>	7
1.2.4	<i>Rekneskap 2020.....</i>	7
1.3	<i>Status</i>	14
1.3.1	<i>Personal</i>	14
1.3.2	<i>Digitalisering.....</i>	16
1.3.3	<i>Resultat og måloppnåelse</i>	18
1.4	<i>Økonomi</i>	18
1.4.1	<i>Finansielle måltal.....</i>	18
1.4.2	<i>Driftsrekneskapet.....</i>	22
1.4.3	<i>Investeringsrekneskapet.....</i>	31
1.4.4	<i>Likviditet.....</i>	34
2	Administrasjon.....	36
3	Politikk og administrativt sekretariat.....	41
4	Sektor Oppvekst.....	43
5	Sektor Omsorg, Helse og Sosial.....	50
6	Sektor Teknikk og Miljø.....	59
7	Sektor Samfunnsutvikling.....	70

1 Kvinnherad

1.1 Om årsmeldinga

Årsmeldinga er ein del av årshjulet i kommunens sitt økonomiplanarbeid og dei rapporteringsrutiner som ein legg opp til for å sikre gode beslutningsgrunnlag og gode styringssystemer.

1.2 Kommunedirektøren si innleiing

Med dette legg kommunedirektøren fram årsmelding for 2020.

Året 2020 vart ei annleis år. Covid-19 pandemien har prega heile året, men trykket har variert gjennom pandemiens faser og etterkvart korleis vi som beredskapsorganisasjon, tenesteleverandør og samfunnsutviklar klarte å tilpasse oss endringane som ein skulle møte.

Pandemien har prega både tenesteleveransar, tilsettes sjukefråver, svingningar i kraftfondet og forbruk i drift. Det er og ei kjensgjerning at ein er på etterskot med ein del planarbeid og andre utviklingsoppgåver som ein følgje av at pandemien har krevd svært mykje av heile organisasjonen over lang tid.

Det er iverksatt endringar i organisasjonen i løpet av 2020. Dette gjeld først og fremst sektor for Samfunnsutvikling og Administrasjon som vart etablert.

Arbeidet med å sikre gode rutinar for budsjettering og periodisering, gode månadsrapportar og kvartalsrapportar vert videreført. Ein har koment fleire steg vidare. Målet er å sikre gode styringssystem både for administrasjon og politisk nivå, i den hensikt å sikre best mogleg beslutningsgrunnlag for vidare prioriteringar.

Kvinnherad kommune enda med eit positivt netto driftsresultat på 30,1 millioner. Dette skjer tross eit meirforbruk i drifta. Det er særleg sektor omsorg, helse og sosial som har eit større meirforbruk som no krev auke merksemd slik at ein sikrar betre balanse mellom budsett og rekneskap. Dette arbeidet starta hausten 2020.


Ei godt netto driftsresultat skuldas i hovudsak at Kraftfondet gav god avkastning tross eit turbulent år på aksjemarknaden. Dette vil styrke Kvinnherad kommune sitt disposisjonsfond, og gjer eit godt utgangspunkt for tenesteleveranse og samfunnsutvikling for dei neste åra.

Organisasjonen Kvinnherad kommune består av dedikerte tilsette som kvar og ein bidrar for å levere gode tenester til innbyggjarane. I dette året som har vore særspesielt er det på sin plass å rette ei stor takk til alle - takk.

Ragnhild Bjerkvik

kommunedirektør

1.2.1 Organisasjon



I 2020 vart det gjennomført ei justering av organisasjonen. Justeringa er eit resultat av eit trepartssamarbeid, siste endring vart gjennomført frå 01.12. Kartet over syner den nye organisasjonen. Endringane var slik:

Seksjon Forvaltning og Seksjon Næring og Utvikling vart slått saman til ein ny, fjerde sektor: Sektor Samfunnsutvikling. 2 seksjonsleiarar vart endra til 1 sektorleiar

Frivilligsentralen vart overført frå kommunedirektør til Sektor Samfunnsutvikling. Biblioteket vart overført frå Sektor Oppvekst til Sektor Samfunnsutvikling.

Seksjon stab og Seksjon Løn og Personal vart slått saman til ny Administrasjon, plassering framleis direkte under kommunedirektør. 2 seksjonsleiarar vart endra til 1 Administrasjonsleiar.

Koordinerande eining vart overført frå kommunedirektør til Sektor Omsorg, helse og sosial.

Leiarnivå:


Leiarnivå vart ikkje endra ved justeringa, men seksjonsleiarane på nivå 2 gjekk ut. Den nye organiseringa følgjer nivå frå 2016 med ein reduksjon i løpet av 2020 med 3 stillingar på nivå 2.

Nivå 1 og nivå 2 utgjer kommunedirektør si leiargruppe, i tillegg til økonomisjef som er plassert på nivå 3.

Skissa under syner leiarnivå og tal leiarar ved utgangen av 2020:

Nivå 1 - Kommunedirektør, nivå 2 - Sektorleiarar og Administrasjonsleiar, nivå 3

- Einingsleiarar, nivå 4 - Avdelingsleiarar. (På nivå 4 er store deler av stillingane knytt til dagleg drift på avdelingane).



1.2.2 Måltal

Den nye kommunelova tydeleggjer kommunen sitt ansvar for å ivareta eigen økonomi og eige handlingsrom på lang sikt. Kapittel 14 tydeleggjer dette slik:

- Økonomien skal forvaltast slik at den økonomiske handleevna blir ivaretaken over tid (§ 14-1)
- Økonomiplanen skal visa korleis langsiktige utfordringar og strategier skal følgjast opp (§14-2)
- Budsjettet skal dekka avsetningar for ei god økonomiforvaltning. Investeringane skal over tid ha eigenfinansiering som ivaretak den økonomiske handlingsevna (§14-10)
- **Det skal vedtakast finansielle måltal for korleis kommunen sin økonomi bør utvikla seg (§14-2)**

Kommunestyret vedtok finansielle måltal for Kvinnherad kommune den 28.11.2019. Status for måltala per 31.12.2019 er som følgjer:

Finansielle måltal - Kvinnherad kommune	Mål	2020
Korr.Likviditetsresultat i % av frie inntekter	1,00 %	-2,30 %
Netto lånegjeld i % av inntekter	100,00 %	129 %
Driftsresultat i % av inntekter	2,75 %	2,84 %
Disposisjonsfond i % av inntekter	10,00 %	14 %
Avkastning av Kraftfondet over risikofri rente	2,50 %	5,76 %

3 av 5 finansielle måltal blei oppfylt i 2020. På trass av stort meirforbruk i drifta endte netto driftsresultat på 2,84 % av inntektene grunna god avkastning i Kraftfondet. Meirforbruk i drifta og budsjettert avkastning frå Kraftfondet utan tilsvarande nedsal medførte at likviditetsresultatet i 2020 var på -2,3 %.

1.2.3 Prioriterte område

Leiarutvikling:

Både nye og erfarne leiarar treng kompetanse som bidreg til eit meir samkjørt leiarskap. Økonomiske utfordringar og gjennomgang av bemanningsplanar og personalressursar krev at leiar har kompetanse innan aktuelt lov og regelverk. Dette året vart etablert kontakt med KS og det vart tidleg starta planlegging av lærings- og utviklingssamlingar for heile leiargruppa i kommunen. Hovudtillitsvalde og hovudverneombod skal også delta på desse samlingane som også vil vera erfarings- og kunnskapsdeling innan eigen organisasjon. Korona sette ein stoppar for planane, men ved utgangen av året er samarbeidet med KS teke opp att med plan for oppstart januar 2021.

Medarbeidarutvikling:

Auka digitalisering krev utvida digital kunnskap i høve dei ulike fagsystema og digitale verktøya. Nye system vert tekne i bruk, og opplæring er naudsynt for å nytta desse fullt ut. KS Læring har fått auka fokus dette året, og her vert lagt til rette for kurs innan ulike fagområde. Lærings- og erfaringssamlingar med KS vil også omfatta alle leiarnivåa og lokale tillitsvalde og verneteneste. Saman med 10 faktor vil desse samlingane leggja grunnlag for vidare arbeid ned i organisasjonen.

HMT, Internkontroll, Beredskap og Kvalitet:

For å imøtekoma lovpålagte krav om kvalitet og forsvarleg handtering av personopplysningar og sensitiv informasjon, har kommunen auka fokus på nettverk, infrastruktur og sikkerheit. Kommunen skal ha felles retningsliner og rutinar som grunnlag for styring, kontroll og rapportering. Det har dette året vorte gjennomført regelmessig risikovurdering (ROS analyse), med påfølgjande plan for sikkerheitstiltak basert på viktige område som er omhandla i beredskapsplanen til kommunen.. Korona har gjort at beredskap for alvor har kome på dagsorden, og det vart oppretta krisestab dette året med faste møte fleire gonger pr. veke heile våren og tidleg sommar. Kommunedirektør tok initiativ til eit beredskapsråd der sentrale partar som politi og heimevern, deltek saman med kommunaleiinga og aktuelle faginstansar som brannvern og kommuneoverlege. 2 møte gjennomført. Møteplan årleg.

Styr digitalisering og utvikling:

Organisasjonen har tidlegare ikkje hatt koordinerande ressurs som tek ansvar for prioritering, kvalitetssikring og samordning av digitalisering på tvers av tenesteområda. Ressursgruppe med ansvar for ei meir systematisk og målretta innføring av nye, digitale løysingar er oppretta. Gruppa er tverrfagleg og skal leia og prioritera digitalisering innan dei ulike tenesteområda. Ressursgruppa skal disponera midlar sett av til infrastruktur og digitalisering, og må sjå til at parallel utbygging og sikring av nettverk skjer. Det er også oppretta kontakt med DigiVestland, der IT sjef er ein del av faggrupper, og der kommunen i 2021 må vurdera eit formalisert samarbeid for å oppnå fordelar med kunnskapsdeling og organisering i høve nasjonale føringer for samordning av digitale tenester for kommune Norge.

1.2.4 Rekneskap 2020

Kommunal og moderniseringsdepartementet har fastsett ny forskrift 7.6.2019 nr.714 om årsrekneskap og årsberetning for kommunar. De nye forskriften utfyller ny kommunelov.

I samband med den nye forskriften er det nye krav om oppsett av hovudoversikter gjeldane fra og med 2020.

Bevilgningsoversikt drift A:

Formålet med denne oppstillinga er å vise generelle midlar til disposisjon, og korleis desse midlane er benytta til å dekke henholdsvis generelle finansutgifter og avsetning til fond m.m. og kva som er disponibelt til bevilgninger til dei enkelte budsjettområda.

	Bevilgningsoversikt drift A	Rekneskap 2020	Reg budsjett 2020	Oppr.Budsjett 2020	Rekneskap 2019
1	Rammetilskudd	-446 516 640	-452 044 026	-430 489 000	-413 163 204
2	Inntekts- og formuesskatt	-371 701 977	-363 432 105	-379 800 000	-374 900 711
3	Eiendomsskatt	-82 135 048	-82 749 108	-81 000 000	-70 007 336
4	Andre generelle driftsinntekter	-154 682 712	-120 429 919	-151 011 030	-155 159 024
5	SUM GENERELLE DRIFTSINNTEKTER	-1 055 036 377	-1 018 655 158	-1 042 300 030	-1 013 230 275
6	Sum bevilgninger drift, netto	1 004 852 311	1 010 616 360	985 576 929	979 548 479
7	Avskrivinger	73 368 701	0	0	57 241 957
8	SUM NETTO DRIFTSUTGIFTER	1 078 221 012	1 010 616 360	985 576 929	1 036 790 436
9	BRUTTO DRIFTSRESULTAT	23 184 635	-8 038 798	-56 723 101	23 560 161
10	Renteinntekter	-5 839 236	-4 500 000	-4 500 000	-10 382 451
11	Utbytter	-5 447 142	-5 447 142	-12 600 000	-7 541 647
12	Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-62 178 976	0	-31 500 000	-113 473 568
13	Renteutgifter	31 398 110	30 990 476	39 768 115	23 160 622
14	Avdrag på lån	62 182 423	62 470 036	58 809 474	56 127 212
15	NETTO FINANSUTGIFTER	20 115 179	83 513 370	49 977 589	-52 109 832
16	Motpost avskrivinger	-73 368 701	0	0	-57 241 957
17	NETTO DRIFTSRESULTAT	-30 068 884	75 474 572	-6 745 512	-85 791 628
18	Overføring til investering	97 102 995	0	14 000 000	16 488 873
19	Netto avsetninger til eller bruk av bundne fond	18 683 380	-3 504 031	-3 504 031	1 397 607
20	Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-85 717 491	-71 970 541	-3 750 457	-42 420 472
21	Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0
22	SUM DISP. ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	30 068 884	-75 474 572	6 745 512	-24 533 992
23	FREMFØRT TIL INNDEKNING I SENERE ÅR	0	0	0	-110 325 620

Post 6:

Inneheld ikkje artane 530,540,550,570,940 og 950.

Kan innehalda renter og avdrag. Er dermed ikkje med under post 15 og vi får eit avvik mot tilsvarende post i økonomisk oversikt drift.

Bruk/avsetjing til fond som er budsjettert under den enkelte sektor er ikkje tatt med i post 6 (oversikt etter §5-4 andre ledd)

All bruk/avsetjing til fond er tatt med under post 19 eller 20.

Kvinnherad kommune endte opp med eit positivt netto driftsresultat på kr 30,1 mill. Dette er før interne transaksjonar som t.d. bruk og avsetjing til fond.

Sum disponering herunder bruk og avsetjing til fond samt overføring til

investeringsrekneskapen er utført i tråd med forskrifter og vedtak. I samband med årsavslutning er det tilbakeført til disposisjonsfond kr 14.394.848

Bevilgningsoversikt drift B:

Oversiktene under viser Kommunestyret si tildelte ramme til dei enkelte sektorane.

	Rekneskap 2020	Reg budsjett 2020	Oppr.Budsjett 2020	Rekneskap 2019
Sektor Oppvekst	333 993 497	325 875 233	329 757 802	323 820 174
Sektor Omsorg Helse og Sosial	490 712 135	479 806 980	463 806 980	468 474 929
Sektor Teknikk og Miljø	82 836 995	89 293 606	86 193 606	90 900 223
Sektor Samfunnsutvikling	33 209 447	32 720 770	24 787 702	21 376 213
Administrasjon	45 630 851	47 823 947	45 962 228	43 649 760
Kommunedirektør	9 133 396	12 996 345	13 969 135	11 852 273
Kvinnherad kyrkjelege fellesråd	12 003 000	10 002 130	10 002 130	10 380 000
Politikk	7 367 168	8 593 314	7 593 314	7 580 278
SUM	1 014 886 489	1 007 112 325	982 072 897	978 033 850

Bevilgningsoversikt drift B (etter forskrift)

Oversikten er justert for fra og til fond. Sum bevilgning er da linje 6 i Bevilgningsoversikt drift A.

	Rekneskap 2020	Reg. Budsjett 2020	Oppr. Budsjett 2020	Rekneskap 2019
Sekto Oppvekst	327 853 299	325 675 233	329 557 802	322 648 946
Sektor Omsorg Helse og Sosial	487 314 521	479 830 980	463 830 980	469 701 879
Sektor Teknikk og Miljø	81 886 788	92 593 140	89 493 140	94 997 995
Sektor Samfunnsutvikling	29 951 104	32 833 813	24 900 745	18 757 679
Administrasjon	46 926 581	47 823 947	45 962 228	43 511 614
Kommunedirektør	11 599 853	12 996 345	13 969 135	11 970 088
Kvinnherad kyrkjelege fellesråd	12 003 000	10 002 130	10 002 130	10 380 000
Politikk	7 317 168	8 860 768	7 860 768	7 580 278
SUM	1 004 852 314	1 010 616 356	985 576 928	979 548 479

Bevilgningsoversikt - Investering del 1

Oversikten syner utgifter til dei ulike typer av investeringar (investering i varige driftsmidler, finansielle anleggsmidler m.m.). Vidare i oversikten vert finansieringa synleggjort. Utgifter og inntekter knytta til formidlingslån er vist spesielt.

Post	Bevilgningsoversikt - investering del 1 (heile tusen)	Rekneskap 2020	Oppr.Budsj. 2020	Reg.budsj. 2020	Reknskap 2019
1	Investeringer i varige driftsmidler	207 620	412 960	247 700	182 893
2	Tilskudd til andres i investeringer				

Post	Bevilgningsoversikt - investering del 1 (heile tusen)	Rekneskap 2020	Oppr.Budsj. 2020	Reg.budsj. 2020	Reknskap 2019
3	Investeringer i aksjer og andeler	3 396	3 500	3 500	206 847
4	Utlån av egne midler				
5	Avdrag på lån				
6	Sum investeringsutgifter	211 016	416 460	251 200	389 740
7	Kompensasjon for merverdiavgift	28 467	61 723	32 610	28 778
8	Tilskudd frå andre	17 181	29 650	29 650	40 390
9	Sal av varige driftsmidler	4 269	7 590	8 500	18 540
10	Sal av finansielle anleggsmidler				125 569
11	Utdeling frå selskaper				
12	Mottatte avdrag på utlån av egne midler	195			942
13	Bruk av lån	76 300	313 997	176 940	176 721
14	Sum investeringsinntekter	126 412	412 960	247 700	390 940
15	Viderutlån	29 237	25 000	25 000	29 871
16	Bruk av lån til viderutlån	29 237	25 000	25 000	29 871
17	Avdrag på lån til viderutlån	19 123	6 500	6 500	17 360
18	Mottatte avdrag på viderutlån	25 744	6 500	6 500	15 460
19	Netto utgifter videreutlån	-6 621	-	-	1 900
20	Overføring frå drift	93 707	14 000	14 000	16 489
21	Netto avsetning til eller bruk av bundne invest.fond	-1 178	-	-	-12 600
22	Netto avsetning til eller bruk av ubundne invest.fond	-14 546	-10 500	-10 500	-3 189
23	Dekning av tidligere års udekket beløp				
24	Sum overføring frå drift og netto avsetninger	77 983	3 500	3 500	700
25	Framført til inndekning i senere år	-	-	-	-

Bevilgningsoversikt - Investering del 2

Oversikten under viser til punkt 1 i bevilgningsoversikt investering (oversikten over).

Investering i varige driftsmidlar er synleggjort for dei enkelte gruppe prosjekt.

Gruppe Prosjekt (heile tusen)	Rekneskap 2020	Reg. budsjett 2020	Oppr.Budsjett 2020	Rekneskap 2019
50 VATN	18 641	35 459	17 500	21 282
51 AVLØP	10 874	48 148	30 000	3 171
52 VEG/PARK/IDRETT	41 679	73 605	31 500	30 423
53 BYGG	59 486	84 513	72 000	59 845
54 EIGENDOM	22 914	33 308	13 500	7 556
55 TEKNIKK OG MILJØ	12 713	36 367	27 000	7 824
56 VEDLIKEHALD BYGG	11 121	10 741	12 100	22 050
57 VEDLIKEHALD VEG/PARK IDRETT	9 630	15 857	10 250	16 489

Gruppe Prosjekt (heile tusen)	Rekneskap 2020	Reg. budsjett 2020	Oppr.Budsjett 2020	Rekneskap 2019
59 ANDRE PROSJEKT	20 562	74 962	33 850	14 253
Sum investering varige driftsmidler Linje 1	207 620	412 960	247 700	182 893

Økonomisk oversikt drift

Formålet med oversikten er å vise inntekter og utgifter fordelt etter dei ulike hovedtyper (art), resultat og disponering eller dekning av netto driftsresultat gjennom avsetjing eller bruk av fond.

Frå og med rekneskapsåret 2020 skal ikkje årsrekneskapen avsluttas med mindreforbruk eller udisponert beløp.

Mindreforbruk 2019 som er disponert i 2020 er vist i hovedoversikt under netto avsetjing fond. Mindreforbruket 2019 utgjer kr 110.325.625,-

Pos t	Økonomisk oversikt drift	Rekneskap 2020	Reg. budsj. 2020	Oppr.Budsj. 2020	Rekneskap 2019
1	Rammetilskudd	-446 666 640	-452 044 026	-430 489 000	-413 163 204
2	Inntekts- og formuesskatt	-345 144 350	-338 432 105	-354 800 000	-348 278 950
3	Eiendomsskatt	-82 113 341	-82 749 108	-81 000 000	-70 007 336
4	Andre skatteinntekter	-36 714 348	-35 100 000	-34 000 000	-36 753 280
5	Andre overføringer og tilskudd fra staten	-123 353 391	-122 213 329	-110 276 229	-97 650 982
6	Overføringer og tilskudd fra andre	-172 226 024	-136 735 012	-99 000 409	-113 625 425
7	Brukertilbetalinger	-39 219 760	-44001356	-44001356	-41 991 423
8	Salgs- og leieinntekter	-99 016 291	-112 412 834	-185 408 215	-164 351 675
9	SUM DRIFTSINNTEKTER	-1 344 454 145	-1 323 687 770	-1 338 975 209	-1 285 822 275
10	Lønnsutgifter	755 799 416	736 742 998	735 892 998	733 034 791
11	Sosiale utgifter	157 247 825	208 376 601	208 376 601	165 808 332
12	Kjøp av varer og tjenester	324 906 215	278 847 153	271 339 720	294 940 341
13	Overføringer og tilskudd til andre	56 477 785	71 221 204	46 181 773	51 528 859
14	Avskrivninger	73 368 701	13 143 000	13 143 000	68 672 638
15	SUM DRIFTSUTGIFTER	1 367 799 942	1 308 330 956	1 274 934 092	1 313 984 961
16	BRUTTO DRIFTSRESULTAT	23 345 797	-15 356 814	-64 041 117	28 162 686
17	Renteinntekter	-6 010 273	-4 905 984	-4 905 984	-10 905 047
18	Utbytter	-5 494 150	-5 447 142	-12 600 000	-7 541 647
19	Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-62 178 976	0	-31 500 000	-113 473 568
20	Renteutgifter	31 454 993	38 714 476	47 492 115	30 511 374
21	Avdrag på lån	62 182 423	62 470 036	58 809 474	56 127 212
22	NETTO FINANSUTGIFTER	19 954 017	90 831 386	57 295 605	-45 281 676
23	Motpost avskrivninger	-73 368 701	0	0	-68 672 638
24	NETTO DRIFTSRESULTAT	-30 068 884	75 474 572	-6 745 512	-85 791 628
25	Overføring til investering	97 102 995	0	14 000 000	16 488 873

Pos t	Økonomisk oversikt drift	Rekneskap 2020	Reg. budsj. 2020	Oppr.Budsj. 2020	Rekneskap 2019
26	Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-91 642 246	-3 504 031	-3 504 031	-53 593 756
27	Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	24 608 135	-71 970 541	-3 750 457	12 570 891
28	Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0
29	SUM DISP.ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRES.	30 068 884	-75 474 572	6 745 512	-24 533 992
30	FREMFOURT TIL INNDEKNING I SENERE ÅR	0	0	0	-110 325 620

Balanse:

Kommunerekneskapen omfattar eit balanserekneskap, med ei oppstilling av eigendelar (anleggsmiddel og omløpsmiddel), gjeld (langsiktig og kortsiktig) og eigenkapital. Under eigenkapital skal mellom anna formålsbundne midlar og frie midlar , skiljast ut på eigne postar.

Varige driftsmidlar vert aktivert som anleggsmiddel og skal avskrivast i balanserekneskapen. Avskrivingane skal også førast opp i reknescapen sin driftsdel, men påvirker ikkje kommunen sitt resultat, og vert ikkje omfatta av balansekravet til drifta. Hensikten er å synleggjera verdiforringing av dei varige driftsmidlene.

Oversikt - balanse	Regnskap 2020	Regnskap 2019
EIENDELER		
A. Anleggsmidler	4 143 709 352	3 888 845 690
I. Varige driftsmidler	2 044 942 617	1 910 725 757
1. Faste eiendommer og anlegg	1 933 291 580	1 830 562 996
2. Utstyr, maskiner og transportmidler	111 651 036	80 162 761
II. Finansielle anleggsmidler	464 262 328	457 607 157
1. Aksjer og andeler	254 305 159	250 909 135
2. Obligasjoner	-	-
3. Utlån	209 957 169	206 698 022
III. Immaterielle eiendeler	-	-
IV. Pensjonsmidler	1 634 504 408	1 520 512 776
B. Omløpsmidler	1 095 755 729	1 127 602 995
I. Bankinnskudd og kontanter	147 634 064	187 446 663
II. Finansielle omløpsmidler	784 997 000	734 362 000
1. Aksjer og andeler	784 997 000	734 362 000
2. Obligasjoner	-	-
3. Sertifikater	-	-
4. Derivater	-	-
III. Kortsiktige fordringer	163 124 665	205 794 332
1. Kundefordringer	75 284 763	119 155 427
2. Andre kortsiktige fordringer	-	-
3. Premieavvik	87 839 902	86 638 904

Oversikt - balanse	Regnskap 2020	Regnskap 2019
Sum eiendeler	5 239 465 081	5 016 448 684
EGENKAPITAL OG GJELD		
C. Egenkapital	1 621 286 326	1 362 814 118
I. Egenkapital drift	259 788 077	326 822 188
1. Disposisjonsfond	187 207 014	162 598 879
2. Bundne driftsfond	72 581 063	53 897 684
3. Merforbruk i driftsregnskapet	-	-
4. Mindreforbruk i driftsregnskapet	-	110 325 626
II. Egenkapital investering	495 158 005	479 434 679
1. Ubundet investeringsfond	61 791 243	46 791 243
2. Bundne investeringsfond	433 366 762	432 643 436
3. Udekket beløp i investeringsregnskapet	-	-
III. Annen egenkapital	866 340 244	556 557 250
1. Kapitalkonto	880 726 300	570 943 306
2. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen drift	-	-
3. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen investering	- 14 386 055	- 14 386 055
D. Langsiktig gjeld	3 446 119 571	3 444 330 137
I. Lån	1 768 080 133	1 690 535 584
1. Gjeld til kreditinstitusjoner	1 768 080 133	1 690 535 584
2. Obligasjonslån	-	-
3. Sertifikatlån	-	-
II. Pensjonsforpliktelse	1 678 039 438	1 753 794 553
E. Kortsiktig gjeld	172 059 185	209 304 429
I. Kortsiktig gjeld	172 059 185	209 304 429
1. Leverandørgjeld	-	-
2. Likviditetslån	-	-
3. Derivater	-	-
4. Annen kortsiktig gjeld	168 472 835	205 282 008
5. Premieavvik	3 586 350	4 022 421
Sum egenkapital og gjeld	5 239 465 082	5 016 448 684
F. Memoriakonti	-	-
I. Ubrukte lånemidler	- 182 667 565	- 125 958 800
II. Andre memoriakonti	- 2 096 684	- 940 206
III. Motkonto for memoriakontiene	- 184 764 249	- 126 899 006

1.3 Status

1.3.1 Personal

	Sjukefråvær			Tal årsverk		
	2020	2019	2018	2020	2019	2018
Kvinnherad kommune	9,00 %	8,70 %	8,20 %	1 183,8	1 141,3	1 125,0
Sektor Oppvekst	8,80 %	8,00 %	7,80 %	406,2	433,9	430,1
Sektor Teknikk og Miljø	9,30 %	7,10 %	7,00 %	92,4	90,6	89,8
Sektor Omsorg, Helse og Sosial	9,80 %	10,30 %	9,60 %	563,2	543,2	531,7
Sektor Samfunnsutvikling	2,2 %	4,40 %	6,60 %	39,5	27,9	25,8
Administrasjon	4,30 %	4,20 %	3,70 %	61,1	45,8	47,8

Tabellen syner utvikling i sjukefråvære og utvikling i tal årsverk.

Det totale sjukefråværet har dei siste åra vore høgt. Det er ofte dei same fagområda og dei same einingane som år etter år slit med eit for høgt fråvære. Nokre einingar er små og eit langtidsfråvær for ein tilsett kan utgjera ei stor prosentvis auke, det kan difor vera meir interessant i denne presentasjonen å sjå på sektorar. Innan sektorane må kvar enkelt eining sjølv sagt følgjast nøyne opp.

Nærare gjennomgang syner at det først og fremst er langtidsfråvære som er den største utfordringa. Eigenmeldt sjukefråvære og sjukefråvære innafor arbeidsgjevar-perioden (16 dagar) er stabilt og begrensa.

Kommunedirektøren rapporterer sjukefråvære på lik linje med økonomi i kvartalsrapportar. I tillegg vert teke ut rapportar kvar månad der sektorleiar og einingsleiarar samarbeider om oppfølging. To sjukefråværsprosjekt starta i 2020. Både i desse prosjekta og i drifta elles arbeider kommunen saman med NAV-arbeidslivssenter og hovudtillitsvalde, hovudverneombud.

Årsverk:

Tal årsverk har auka med 42 årsverk frå 2019.

Sektor Oppvekst: Reduksjon i tal årsverk innan Barn og Familie og Kulturskulen. Omorganisering i 2020 medførte at biblioteket vart overført til sektor Samfunnsutvikling.

Sektor Teknikk og Miljø: Prosjektavdelinga hadde ein auke på 3 årsverk, Brann og redning ein auke på 2 årsverk og reinhald ein auke på 1,1 årsverk. Øvrige einingar hadde ein reduksjon i tal årsverk.

Sektor Omsorg, Helse og Sosial: Sektoren hadde ein samla auke på 20 årsverk. Institusjonane hadde ein samla auke på ca 12 årsverk. Eining Helse hadde ein auke på 3,8 årsverk.

Sektor Samfunnsutvikling: Auken i tal årsverk i sektoren skuldast flytting av biblioteket frå Sektor Oppvekst til Sektor Samfunnsutvikling. Avdeling Byggesak hadde også ein auke i tal årsverk.

Administrasjon: Auken i Administrasjon skuldast at lærlingar og hovudtillitsvalte er talt med i tal årsverk, dette har ikkje vore gjort tidlegare.

Kjønn og likestilling

Kvinnherad kommune er ein arbeidsplass med stor overvekt av kvinner. Barnehagane er eit døme på arbeidsstad der det er vanskelig å rekruttera menn. Innan sektor Helse, omsorg og

sosial ser vi noko av det same, men her kjem etter kvart fleire menn. Samtidig rekrutterer komunen fleire kvinner til tidlegare mannsdominerte yrke. Lege, jurist og ingeniør er yrke kor ein større del av arbeidstakarane no er kvinner enn for nokre år sidan.

Ved tilsetjingar er det kompetanse, og ikkje kjønn, legning eller etnisitet som har vore, og er gjeldande i Kvinnherad kommune. Det same gjeld i samband med fastsettjing av løn som vert styrt av hovudtariffavtalen.

Pr 31.12.2020 var Sektor, Administrasjon og einingsleiarar fordelt slik:

Kommunedirektøren si leiargruppe: 2 menn og 4 kvinner

Einingsleiarar Sektor omsorg, helse og sosial: 6 menn og 7 kvinner

Einingsleiarar Sektor oppvekst: 9 menn og 12 kvinner

Einingsleiarar Sektor teknikk og miljø: 4 menn og 2 kvinner

Avdelingsleiarar Sektor samfunnsutvikling: 3 kvinner og 3 menn

Avdelingsleiarar - Fagleiar Administrasjon. 4 menn (+ 2 kvinner fagkoordinatorar)

Rekruttering

Kartlegging skjer kontinuerleg. Behovet for ulike faggrupper som arbeidskraft er skiftande. Tidene endrar seg, og dette året har sjukepleiar, vernepleiar, undervisningspersonale og kompetanse innan nettverk/velferdsteknologi vore utfordrande å få søkerar til.

Sjukepleiar-vernepleiar-lege: Kommunen manglar både sjukepleiarar, vernepleiar og ein legestilling. Sektoren har strategisk kompetanseplan som skildrar støtte til utdanning. Fleire er klare med desentralisert utdanning til sommaren, og det kjem nye muligheter frå hausten for dei som vil starta på slik utdanning. Mange sjukepleiarar er ute i ulike permisjonar, og det er såleis ikkje alle stillingar som er ledige. Legar har fått velja om dei vil ha kommunal tilsetjing eller eigen næringsdrivande, det syner seg å vera populært med fast tilsetjing

Undervisningspersonale: Ved oppstart av skuleåret 2020/21 var det 14 tilsette utan godkjend utdanning i organisasjonen. Mange av desse hadde rett nok god kompetanse, men ikkje rett kompetanse for undervisning i grunnskulen. Dette er utfordrande, og det er viktig at arbeidsgjevar nyttar den kompetansen som finst i organisasjonen i dei einingane det er behov for denne.

IT tilsette med kunnskap innan nettverk og sikkerheit - Utfordring å få tak i kvalifisert arbeidskraft, og kommunen satsar no på å auka - byggja kompetanse hos eigne tilsette. Det vert også nyttar ulik fagkompetanse saman med nettverks- og anna digital kompetanse. Ekstern opplæring skjer frå aktuelle IT miljø innan sikkerheit.

Kompetanse

Det finst ikkje sentralt kompetansebudsjett i organisasjonen. Økonomisk støtte til å auke formalkompetansen hos tilsette går frå den enkelte sektor og eksterne ressurser frå stat og fylkeskommune. Ei støtte kan også vera frikjøp frå jobb til studie, som kan vera eit virkemiddel for å få fleire til å ta meir utdanning.

KS-læring (omtalt under avsnittet om digitalisering) gjev alle tilsette i kommunen tilbod om kompetanseløft.

Lærlingar

Kvinnherad kommune har mange flotte lærlingar. Kommunen si oppgåve er å leggja til rette for at lærlingar får opplæringa han/ho skal ha, med mål om å auka talet på dugande fagarbeidalar og framtidig arbeidskraft. Ordninga gjev unge høve til å ta utdanning lokalt, og det er viktig for å oppretthalde linjer ved Kvinnherad vidaregåande skule.

Kvinnherad kommune er godkjent lærebodrift og har i 2020 lærlingar innan helsefag, barne- og ungdomsarbeidarfaget, samt IT-faget. Det å vera lærling betyr å ta siste del av den vidaregåande utdanninga som praktisk arbeid. Lærlingar er tilsett på ein arbeidsplass/eining, og har same rettar og plikter som andre arbeidstakrar, med løn i læretida. Lærlingar har krav på opplæring, rettleiing og vurdering. Etter fullført læretid går lærlingen opp til fagprøve. For å bestå fagprøven må vedkomande syna heilskapleg kompetanse for faget, dvs. at lærlingen kan planleggja, gjennomføra, vurdera og dokumentera eiga arbeid.

Helsearbeidarfaglærlingane har læretida si fordelt på institusjon, heimeteneste, bu og habilitering og nokre gangar innan rus og psykiske helsetenester.

Barne- og ungdomsarbeidarfaglærlingane har læretida si fordelt på barnehage og skule.

Kommunen hadde i 2020 til saman 29 lærlingar:

17 helsefagarbeidar (inkl 2 TAF), 10 barne- og ungdomsarbeidar, 1 IKT og 1 feiar.

2 barne- og ungdomsarbeidrarar slutta dette året utan å fullføra.

Fagbrev avgjort i løpet av 2020:

2 barne- og ungdom og 5 helsefag, 1 IT.

1.3.2 *Digitalisering*

KS Læring:

Læringsplattform gjev alle tilsette høve til deling av kunnskap og kompetanseheving. Tilsette har tilgang både på jobb og heimanfrå, til nettkurs, både kommunen sine eigne og frå andre kommunar. Gjeld også kurs som er på arbeidsplassen, der påmelding og registrering går via KS Læring. Aktuelle tema er HMT grunnkurs, «Ny i kommunen» kurs, leiaropplæring, kurs i aktuelle lov- og regelverk, prosjektportal, arkivrutinar, kurs i legemiddelhandtering, velferdsteknologi, ymse fagkurs innan omsorg, helse og sosial, barnevern.

Det er i 2020 oppretta kurs «Meg sjølv», Visma enterprise med digital timeregistrering for oppdragstakrar og Elements sakshandsaming. Grunna Korona så vart alle sektorane «kasta» inn i KS læring, då alle tilsette vart oppfordra til å smittevernkurset som vart lagt til startsida. Mange tilsette har oppretta profil på KS læring. Sektor omsorg, helse og sosial har til no hatt flest kurs og nyttar KS læring mest. Tilsette i denne sektoren er flinke til å bruke sida.

Digitalisering på området økonomi:

Elektroniske faktura på EHF har hatt ei auke på 0,68%, medan skanning av papirfaktura har tilsvarende nedgang.

Faktura overført før forfallsdato har auka med 3,16% frå 2019.

Koble til ordre, e handel har ein nedgang på 0,78%. Denne nedgangen skuldast delvis korona, bestilling av smittevern utstyr, antibac og anna utstyr som ikkje kunne bestillast via e handel. Staten gav føringar for fordeling av slikt utstyr til kommunane og korleis dette måtte bestillast. Ein del av nedgangen skuldast og at Rosendaltunet ikkje lenger nyttar e handel for bestilling av medisinsk forbruksmateriell mm., dei bestiller gjennom eige lager-system.

Faktura med kobling til Profil (faktura som ikkje er kobla til ordre e handel) har og hatt ei auke på 0,86% med ein tilsvarende nedgang i faktura som ikkje er påført profil. Det er framleis 45,26% som ikkje korrekt merka og som går direkte til konterar (stoppar i mottak).

Statistikk	Antall (Beløp)	Andel	Snitt behandlingstid (Overført - Importert)
Elektroniske	23415 (NOK 533.454.734,14)	94,41%	8 dager
Skannede	1386 (NOK 137.022.908,83)	5,59%	10 dager
Overført før forfallsdato	21558 (NOK 474.591.255,53)	86,87%	7 dager
Koblet til ordre	2606 (NOK 11.294.300,04)	10,50%	3 dager
Koblet til profil	11446 (NOK 177.328.728,13)	46,12%	8 dager
Ikke koblet	10749 (NOK 481.854.614,80)	43,31%	9 dager
Totalt			
	24816 (NOK 670.477.642,97)	100%	8 dager

Fokuset på rutinar og struktur når det gjeld e-handel og innkjøp fortset. Målretta opplæring gjev no gode resultat.

Digitalisering på område informasjon - sak arkiv:

Kommunen sitt nye saks- og arkivsystem, Elements, er dette året innført i alle einingane. Opplæring we gjennomført utelukkande med eigne ressursar, dels som klasseromundervisning og dels via KS-læring. Deler av undervisninga har og vore via Teams, grunna situasjonen rundt Korona.

160 saksbehandlarar i organisasjonen har fått opplæring.

Kvinnherad kommune nyttar KS si løysing Svar Ut til elektronisk utsending av brev. Om lag 45.000 brev går via denne løysinga. Dette gjeld system innan Sak/arkiv (Elements), Barnevern, PPT, Omsorg, Innkrevjing, Brann osv.

Kommunen sine avtalar vert signerast elektronisk. Gjeld arbeidsavtalar og oppdragsavtalar.

Arbeidet med digitalisering av eigedomsarkivet var godt i gang, men har i 2020 stoppa noko opp grunna Korona. Papirarkiv er kartlagt og talt opp i meter for byggesak, oppmåling og landbruk. Arbeid med anbodsinnhenting fortset. Nye digitale system innan bygg og geodata er avhengig av at dette er på plass for at tenestene til innbyggjar skal vera fullstendige.

Etablering av ulike informasjonskanalar har fått eit auka fokus dette året grunna korona. Gjeld sentralbord, heimeside, facebook, instagram, chat. Det har også vorte publisert informasjonsvideoar der kommeoneoverlege og ordførar har oppdatert innbyggjarane. Innslaga er teksta for å fylla krava til universell utforming.

Digitalisering på område der IKT har ansvar for innføring:

Innføring av nytt pasientvarslingsystem på Halsnøytunet og Husnestunet er gjennomført, dette er ei utviding av det anlegget som alt er på plass for Rosendalstunet. Ølve alderspensionat blir etter planen skifta ut vår 2021.

Det er laga klart fleire overgangar frå fast sentralbord til mobilløysning for fleire utekontor, døme

Nytt fagprogram for gjennomføring av feiring/tilsyn er teke i bruk, det medfører at feiarar nyttar iPad for registering i felt, og har integrasjon mot arkiv for dokumentasjon av tilsyna.

SvarUT/SMS til innbyggjarar for varsling er på plass.

Prosjektstart for Powel Private Anlegg, portal for entreprenør/røyrleggjarar

Registrering av utsleppsløyve, VA-tilkobling

Integrasjon mot sak/arkiv for saksgong

Korona

Det har dette året vore svært høgt press på heimekontor-løysning. Det har i periodar vore svært vanskelie å få tak i utstyr, PC, headset (anna tilbehør til heimekontor) - lang leveringstid grunna stort press i markedet.

Heimekontor for IT har fungert fint, men det har til tider vore utfordrande med oppdrag ute pga smittevern. Gjeld spesielt for alt arbeidet i tilknytning til sjukeheimane i kommunen.

Overgang til skytenester

Dei fleste tilsette i kommunen har i 2020 fått microsoft lisens for kunna bruka fleire tenester i Office365.

Arbeid med å flytta e-post til sky starta for resten av organisasjonen i november 2020.

I tråd med sentrale føringer vil alle nye innkjøp av system fortrinnsvis vera skyløysingar

Ved statusmøte med leverandørar blir dette og diskutert for å planleggja overgang også på dei eksisterande systema kommunen har.

Sikkerheit

Auka press på sikkerheit fordi mange tilsette har nytta heimekontor, nye løysningar for endepunktsikkerheit er på plass.

Registrert auke av digitale angrep, ingen alvorlige hendingar knytt til dette

Ved overgang til skytenester minkar lokal angrepsflate

Investeringar

Ny lagringsløysning datasenter

Nye serverar til virtuelt miljø

Ny kjerne-switch, datasenter

Utskifting av eldre trådlause sendarar

1.3.3 Resultat og måloppnåelse

1.4 Økonomi

1.4.1 Finansielle måltal

Dei finansielle måltala vart vedteke i kommunestyret 28.11.2019:

Måltal for Kvinherad kommune	Mål
Korr.Likviditetsresultat i % av frie inntekter	1,00 %
Netto lånegjeld i % av inntekter	100,00 %
Driftsresultat i % av inntekter	2,75 %
Dispositionsfond i % av inntekter	10,00 %
Avkastning av Kraftfondet over risikofri rente	2,50 %


- Korrigert likviditetsresultat i % av driftsinntekter: 1,0%**

Dette måltaket måler likviditetsresultatet etter bidrag/nedsal frå Kraftfondet. Ei berekraftig drift vil vera tilpassa det inntektsnivået kommunen har. Det vil gje eit positivt likviditetsresultat som kan nyttast til å mellom anna byggja opp ein buffer mot svingingar, og til eigefinansiering av investeringar.

Kommunen hadde eit meirforbruk i drifta i 2020, samstundes blei det ikkje gjort nedsal i Kraftfondet. Kommunen hadde difor eit negativt korrigert likviditetsresultat.

Korrigert likviditetsresultat	
Måltal	2020
1,0 %	-2,3 %

- Netto lånegjeld i % av driftsinntekter 100%




Det er ei målsetning at netto lånegjeld skal tilsvare 100 % av brutto driftsinntekter. Ved eit høgt gjeldsnivå vil større delar av dei tilgjengelige rammene gå til dekning av renter og avdrag og følgjeleg mindre til tenesteyting. Netto lånegjeld er korrigert for utlån og unytta lånemidler.

- Netto driftsresultat i % av driftsinntekter 2,75%

Dette måltalet måler kor mykje av inntektene som kommunen sitter igjen med etter kostnader. Dette kan finansiere investeringar eller setjast av til disposisjonsfond. Det tekniske berekningsutvalet for inntektsoppgjera (TBU) si anbefaling er ei resultatgrad på 1,75%. Grunna dei ekstraordinære inntektene til Kvinnherad kommune er dette satt til 2,75 %.

På trass av eit meirforbruk i drifta var netto driftsresultat i % av inntekter 2,84 % i 2020. Dette er hovudsakeleg takka vere god avkastning på Kraftfondet.

- Disposisjonsfond i % av driftsinntekter 10%



Det er satt eit mål om at disposisjonsfondet skal tilsvare 10 % av brutto driftsinntekter. I det tilfellet vil kommunen skape seg ein buffer for uforutsette hendingar og gje kommunestyret handlingsrom til ønska investeringar eller tiltak.

Disposisjonsfondet har hatt ein gledeleg utvikling dei seinare åra og var ved utgangen av 2020 på 14 % av brutto driftsinntekter.

- **Avkastning Kraftfondet over risikofri rente 2,5%**

Avkastninga i 2020 var på 6,72 %. Denne er nærmere omtala under pkt 4.2.3 og i årsrapporten for Kraftfondet.

Kostra

Tabellen under viser finansielle nøkkeltal for Kvinnherad kommune samanlikna med Voss, Stord, Bømlo og kommune gruppe 11 (gruppe sammensatt av like kommunar).

Det kan framkomme små avvik mot måltala diskutert over.

	Kvinnh.	Kvinnh.	Voss	Stord	Bømlo	Gr.8
	2019	2020	2020	2020	2020	2020
Netto driftresultat i prosent av brutto driftsinntekter (%)	6,7	2,4	-2,3	4	1,7	1,0
Årets mindre/merforbruk i driftsregnskapet i prosent av brutto driftsinntekter (%)	8,4	0	0	0	0	-0,1
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter (%)	64,4	62,2	20,7	18,1	7,3	32,0
Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (%)	94	72,9	29,9	53	63,1	61,7
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser i prosent av brutto driftsinntekter (%)	130,5	129,2	90,4	152	91,8	127,8
Frie inntekter per innbygger (kr)	60 291	62 752	63 324	57 603	61 598	58 805
Fri egenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter (%)	20,9	13,7	4,2	5,6	7,3	9,6
Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter (%)	15	15,3	7,4	22,2	10,4	16,8

	Kvinnh.	Kvinnh.	Voss	Stord	Bømlo	Gr.8
Egenfinansiering av investeringene i prosent av totale brutto investeringer (%)	-21,7	65,1	20,5	41,6	38,4	17

Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter:

Netto driftsresultat vert rekna ut i frå brutto driftsresultat, men tek i tillegg omsyn til resultat eksterne finansieringstransaksjonar (renter, avdrag, finansielle instrument o.s.v) samt korrigering for avskrivningar slik at dei ikkje får resultateffekt. Netto driftsresultat kan anten brukast til å finansiere investeringar eller setjast av til seinare bruk. Kvinnherad kommune har i 2020 eit netto driftsresultat på 2,4% av brutto driftsinntekter. Avkastning kraftfondet gjev direkte utslag på netto driftsresultat.

Årets mindreinntekter i % av brutto driftsinntekter:

Årets mindreforbruk er netto driftsresultat justert for interne finansieringstransaksjonar. Nøkkeltalet i 2019 viser 8,4% (resultatgraden 6,7%) som seier at vi har brukt meir av avsette midlar enn det som er satt av til seinare bruk. I 2020 er netto netto driftsresultat disponert (satt av til fond) før vi avslutter rekneskapen.

Arbeidskapital (AK) i % av brutto driftsinntekter:

Arbeidskapital ex premieavvik vert definert som differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld. Dette gjev uttrykk for likviditeten. Kvinnherad kommune viser eit høgt forholdstal på arbeidskapitalen i forhold til dei andre vi samanliknar oss med. Årsaka er at Kraftfondet (kr 785,0 mill) vert definert som omløpsmiddel.

Netto renteeksponering i % av brutto driftsinntekter:

Variabelen gjev ein indikasjon på kor mykje av kommunen sin renteeksponerte gjeld som er igjen etter at rentekompensasjon og rentebærande likviditet er trekt i frå i forhold til brutto driftsinntekter. Kvinnherad kommune har ein renteeksponering på 72,9% i 2020. Dette betyr at ein renteauke på 1% vil bruke 0,7% av driftsinntektene. Variabelen kan gje ein indikasjon på kor sårbar kommunen er for endring i rentenivået.

Langsiktig gjeld eks.pensjonsforpliktelser i % av brutto driftsinntekter:

Ordinære renter og avdrag på lån (til investering) skal finansierast av driftsinntekter, og indikatoren syner langsiktig gjeldsbelastning i forhold til inntekter.

Frie inntekter i kr pr. innbygger:

Skatt på inntekt og formue inkludert naturressursskatt, og rammetilskot er definert som frie inntekter.

Fri eigenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter:

Indikatoren syner fri eigenkapital til driftsformål i prosent av driftsinntekter. Fri eigenkapital drift oppgjev differansen mellom midlane som står på disposisjonsfond og rekneskapsmessig meirforbruk. Kommunen har dei siste åra gått med overskot som er sett av til disposisjonsfond.

Brutto investeringsutgifter i % av brutto driftsinntekter:

Forholdstalet seier noko om framtidig belastning på driftsbudsjettet gjennom avdrag og renter for den delen av investeringane som er lånefinansiert. Nivået på investeringane varierer frå år til år, noko som gjer det vanskeleg å samanlikna.

Eigenfinansiering av investeringane i % av totale brutto investeringar:

Nøkkeltalet seier noko om kor stor del av investeringane som vert finansiert med eigenkapital. Høg eigenkapitalandel gjev mindre belastning på framtidige budsjett.

1.4.2 Driftsrekneskapet

1.4.2.1 Sentrale inntekter og kostnader

Kvinnherad kommune sine driftsinntekter var på 1,055 milliardar kroner i 2020. Dette er ein auke på 4,1 % frå året før. Hovudårsaka til auken er ekstraordinære løyvingar gjennom rammetilskotet som kompensasjon for høgare kostnader og tapte inntekter som følgje av pandemien.

Under vert sentrale inntektskjelder omtala.

Inntekts- og formueskatt:


Kvinnherad kommune mottok kr 371,7 mill i skatteinntekter i 2020. Dette er ein nedgang på 0,9% i forhold til 2019. Skatteinntektene blei 8,3 millionar kroner høgare enn estimatet i revidert budsjett, men 8,1 millioner kroner lågare enn opprinnelige budsjett.

Inntekts- og formuesskatt				
	2020	2019	Rev. budsjett	Budsjett
Totalt	371,7	374,9	363,4	379,8
% av landsgjennomsnitt	90,4 %	89,6 %		
Kr pr innbyggjar	28 437	28 538		


Skatteinngangen tilsvrar 28.437 kr per innbyggjar i 2020. Dette er 90,4 % av landsgjennomsnittet. Dette målalet har auka med 1 prosentpoeng i forhold til 2019 og som grafen under syner hatt ein jamn auke sidan 2017.



Utviklinga i skatteinntekter til kommunen svingar naturleg i takt med nivået av arbeidsløysa og del permittere av arbeidsstyrken i kommunen. Arbeidsløysa i 2020 var på sitt høgaste i mars, då 6,1 % av arbeidsstyrken var utan arbeid. Del permittere av arbeidsstyrken var på det same nivået i april 2020. Etter den tid har både arbeidsløysa og del permittere av arbeidsstyrken gått ned. Ved utgangen av året var arbeidsløysa på 1,8 % og del permittere av arbeidsstyrken 0,9 %. Dette er godt under både fylkes- og landsgjennomsnitt.



Kommunane vert kompensert for 60 pst. av differansen mellom eigen skatteinngang og landsgjennomsnittet. Kvinnherad mottok kr 19,1 mill i inntektsutjevning i 2020. Det er ein nedgang på 3,4 mill fra 2019. Dette har samanheng med at Kvinnherad har hatt ein auke i skatteinngangen i forhold til landsgjennomsnittet. Inntektsutjamninga vert betalt som ein del av rammetilskotet.



Rammetilskot

Kvinnherad kommune fikk tildelt totalt 446,5 m kr i rammetilskot i 2020. Dette er ein auke frå 412,3 m kr i 2019. Største delen av auken er grunna ekstraordinære løyvingar som kompensasjon for høgare kostnader og tapte inntekter som følgje av pandemien.

Rammetilskot	2020	2019	Rev. budsjett	Budsjett
Innbyggjartilskot	328,7	325,8		
Utgiftsutjamning	50,2	51,5		
Inntektsutjamning	20,2	22,5		
Særskilt fordeling	5,3	-2,3		
Sør-Norge tilskot	16,4	15,9		
Andre poster	1,8	-1,1		

Rammetilskot	2020	2019	Rev. budsjett	Budsjett
Kompensasjon - Covid19	23,9	0		
SUM	446,5	412,3	452,0	430,5

Rammetilskotet baserer seg i utgangspunktet på innbyggjartilskot som vert fordelt med likt beløp per innbyggjar. Tilskotssatsen auka med 1,5 % frå 2019 til 2020 for å kompensera for løns- og prisvekst. Innbyggjartalet som vart lagt til grunn for Kvinnherad kommune vart redusert fr 13.186 innbyggjarar i 2019 til 13.105 innbyggjarar i 2020. Samla utgjorde dette at innbyggjartilskotet auka med 0,9 % i 2020. Dette utfordrar kommunen til å tilpasse kostnadsnivået i takt med reduksjon i innbyggjartal.

Rammetilskotet inneholder også to store utjamningsmekanismer for å ta høgde for demografiske og geografiske forskjellar i norske kommunar. Kommunar som er dyrare å drifta ut ifrå geografiske eller demografiske forhold vert kompensert for dette. Kvinnherad kommune mottok 50,2 millionar kroner gjennom utgiftsutjamning i 2020.

Den andre utjamningsmekanismen er inntektsutjamning. Kommunar som har ein skatteinntekt per innbyggjar som er lågare enn landsgjennomsnitt vert delvis kompensert for dette.

Kvinnherad kommune hadde som tidlegare omtala ein skatteinngang per innbyggjar på 90,4 % av landsgjennomsnittet. Gjennom inntektsutjamning fekk kommunen kompensert for 60 % av differansen mellom landsgjennomsnittet og eigen skatteinngang. Dette tilsvarte 20,2 millionar kroner i 2020.

Resten av rammetilskotet består av regionalpolitiske tilskot og skjønstillskot. Kvinnherad fekk tildelt samla 23,9 millionar kroner i ekstraordinære løyingar som følgje av Covid19-pandemien.

Eigedomsskatt

Eigedomsskatt	2020	2019
Privat	14 466 573	14 307 122
Næring	14 428 539	13 506 401
Kraftanlegg	48 082 203	38 782 332
Kraftnett	3 970 841	3 381 091
Sum	82 135 048	70 007 336

Årsaka til den markante auken frå 2019 til 2020 er først og fremst grunna auka eigedomsskattegrunnlag for kraftverk. Auke i eigedomsskattegrunnlag for kraftverk kan forklara med høge kraftprisar i 2018, då eigedomsskattegrunnlaget for 2019 er berekna for åra 2013-2017, mens eigedomsskattegrunnlaget for 2020 er berekna for åra 2014-2018. Eigedomsskattegrunnlaget for kraft vert fastsett med basis i faktisk produksjon og kraftpris, med gjennomsnitt av dei 5 siste åra før grunnlagsåret, som er to år før skatteåret

Havbruksfondet


Fra og med 2020 vart ordninga med Havbruksfondet endra.

Tidlegare fekk kommune og fylkeskommune 80% av inntektene ved auksjon. Denne andelen er no redusert til 40%. I tillegg vil kommunen motta 40 øre pr. kilo produsert fisk.

År 2020 og 2021 er det oppretta ein overgangsordning. Der henholdsvis 2.250.000.000 og 1.000.000.000 vert fordelt til kommuner og fylkeskommuner. Lokalitets-MTB (maksimal tillatt biomasse) for alminneleg matfisketillatelser og tillatelser til særskilde formål vert nytta som fordelingsnøkkelen.

INNTEKTER FRÅ HAVBRUKSFONDET

■ Havbruksfondet ■ Produksjonsavgift



Havbruksfondet		
Rekneskap	Rev. budsjett	Budsjett
31 152 000	30 813 000	30 000 000

Konsesjonskraft

Ishavskraft overtok forvaltningen av Kvinnherad kommune si konsesjonskraft frå og med august 2020 etter ein anbodsrunde leda av Investeringsutvalet. Ishavskraft overtok etter Kvinnherad Energi som forvalta konsesjonskraft via Kinect Energy.

Eit brått fall i straumprisane i 2020 grunna Corona samt høg fyllingsgrad i vannmagasina gav låge straumprisar og dermed ein nedgang i konsesjonskraftinntekter i 2020.

Tabellen under viser inntekter konsesjonsstraum i åra 2017 til 2020.

	2017	2018	2019	2020
Kvinnherad Energi	20 792 034	32 723 360	50 055 641	4 651 103
Ishavskraft (aug - des)				3 935 157
Sum	20 792 034	32 723 360	50 055 641	8 586 260

Tilskot for ressurskrevjande helsetenester

Kommunen mottok 53,1 millionar kroner i tilskot som kompensasjon for ressurskrevjande helsetenester i 2019, utbetalt i 2020. Dette er ein stor auke frå åra før. Kommunen får dekka 80 % av direkte lønskostnader utover eit innlagspunkt på 1.430.000 kr pr tenestemottakar. Timesatsen er rekna ut i fra gjennomsnittsløn for fagpersonell med tillegg. Tabellen under viser utbetaling tilskot i perioden 2016 til 2020.

Tilskot for ressurskrevjande helsetenester		
Rekneskap	Rev. budsjett	Budsjett
53 066 000	53 066 000	38 000 000

	2016	2017	2018	2019	2020
Timesats	460,36	482,32	471,43	533,27	522,16
Bu- og habilitering	19 001 000 (17)	23 881 000 (19)	19 534 000 (18)	29 925 000 (22)	30 408 000 (19)
RUPS	6 061 000 (7)	5 527 000 (5)	8 711 000 (7)	10 869 000 (7)	11 670 000 (8)
Husnestunet	1 594 000 (1)	1 671 000 (1)	1 586 000 (1)	1 850 000 (1)	1 718 000 (1)
Halsnøytunet	813 000 (1)	?	1 022 000 (1)	418 000 (1)	0
Rosendalstunet	0	?	1 722 000 (1)	1 350 000 (1)	0
Heimeteneste Nord	4 732 000 (4)	2 767 000 (3)	2 829 000 (3)	4 858 000 (3)	3 122 000 (2)
Heimeteneste Sør	844 000 (1)	882 000 (1)	806 000 (1)	1 662 000 (2)	0
Barn – og familie	0	0	0	2 135 000 (1)	2 558 000 (1)
TOTALT	33 046 000 (31)	34 328 000 (30)	36 210 000 (32)	53 066 000 (38)	49 476 000 (31)

Integreringstilskot

Integreringstilskot: Ordningen består av integreringstilskot, eldretilskot og barnehagertilskot. Tilskotet skal dekke dei gjennomsnittlege utgiftene kommunen har til arbeidet i bosettingsåret og dei fire neste åra. Kommunen for tilskot for kvar person dei busetter.

Einslege mindreårige flyktningar: Alle born og unge under 18 år som kjem til landet uten foreldre eller andre voksne med foreldreansvar. Kommunen mottek tilskot i tillegg til det ordinære integreringstilskotet til og med året personen fyller 20 år.

I 2016-2017 blei det bosett 83 flyktningar i kommunen. Åra etter har talet flyktningar vore mellom 0-10 kvart år. Dette fører til at integreringstilskotet er estimert å reduserast med 3-6 millionar kroner kvart år fram til 2024.

Integreringstilskot		
Rekneskap	Revidert budsjett	Budsjett
22 445 300	22 525 000	26 467 000

Pensjon

Årets premieavvik er kr 8,0 mill. Dette vert inntektsført i 2020, deretter kostnadsført med 1/7 i 7 år framover. Årets amortisering av premieavvik er kr 15,9 mill. Dette er kostnadsføring av tidligere års premieavvik. I balansen står det kr 84,2 mill i samla premieavvik. Desse skal kostnadsførast dei neste åra. Kommunen har satt av kr 57,4 mill på disposisjonsfond som kan vera med å dekke opp kostnader ved premieavvik.

Tabellen under viser utviklingen i premieavvik frå 2016 fram til i dag.

Heile tusen	2016	2017	2018	2019	2020
Premieavvik	-9 051	-10 145	-20 994	-26 966	-8 052
Amortisering	6 850	8 143	9 115	10 387	15 871
Premieavvik akkumulert	50 656	52 659	64 538	82 616	84 253




Kvinnherad kommune sine totale pensjonsforpliktelser er i dag kr 1.673.867.003. Avsette pensjonsmidler er kr 1.634.504.408.

Tilskot private barnehagar

Dei private barnehagane i Kvinnherad mottek tilskot for drift basert på gjennomsnittskostnaden pr barn i dei kommunale barnehagane. Sidan kommunen har fleire mindre kommunale barnehagar er gjennomsnittskostnaden per plass høg i Kvinnherad samanlikna med andre. Driftstilskotet er 8,9 % og 10,9 % høgare enn dei nasjonale satsane for høvesvis små og store barn.

Størrelsen på dei private barnehagane i kommunen er på nivå med andre kommunar og nasjonalt snitt. I 2020 var det i bruk i snitt 34 barnehageplassar per kommunale barnehage og 81 plassar per privat barnehage i kommunen.


Dette fører til at utbetalt driftstilskot til private barnehagar er høgare enn det som vert vurdert nødvendig til drift av barnehage av normal størrelse. Dette har andre kommunar unngått ved å utlikne størrelsen på kommunale og private barnehagar. Dette ser ein ved å både samanlikne med einskilde kommunar og snittet i Vestland fylke og samanliknbare kommunar i Kostragruppe 8.



Konsekvensane av dette er at driftstilskotet til private barnehagar 4,8 millionar kroner høgare

per år enn det som vert vurdert som nødvendig uten at det fører til auke i tenesteomfang eller -kvalitet.

Utan endringar i samansetninga av private eller kommunale barnehagar vil denne skilnaden auke i åra som kjem. Frå august 2019 til august 2020 var auke i barnetalet i private barnehagar +5 % medan nedgongen i barnetalet i kommunale barnehagar var -7 % i same periode.



Driftstilskotet var i 2020 på 49,7 millionar kroner. Det var 0,9 millionar kroner lågare enn revidert budsjett, men 6,7 millionar kroner høgare enn opprinnelig budsjett. Auken frå 2019 var på 8,9 millionar kroner.

Driftstilskot til private barnehagar			
2020	Rev. Budsjett	Budsjett	2019
49 670 766	50 507 433	43 000 000	40 756 100

1.4.2.2 Resultat frå tenesteområda

Driftsbudsjett(i mill kr.)	Rekneskap 2020	Revidert budsjett	Avvik
Sektor Oppvekst	334,0	325,9	- 8,1
Sektor Omsorg, Helse og Sosial	490,7	479,8	- 10,9
Sektor Teknikk og Miljø	82,8	89,3	+ 6,5
Sektor Samfunnsutvikling	33,2	32,7	- 0,5
Administrasjon	45,6	47,8	+ 2,2
Kommunedirektør	9,1	13,0	+ 3,9
Politikk	7,4	8,6	+ 1,2
SUM kommune	1 002,8	997,1	- 5,7
Kvinnherad kyrkjelege fellesråd	12,0	10,0	- 2,0
SUM driftsbudsjett	1 014,8	1 007,1	- 7,7

Rekneskapet til tenesteområda syner eit forbruk på 1.002,8 millionar kroner. Det er eit meirforbruk på 5,7 millionar kroner mot revidert budsjett som utgjer 0,57 %. Saman med ekstra løyving til Kvinnherad kyrkjelege fellesråd vedteke 18.06.2020 utgjer meirforbruket på

driftsbudsjettet 7,7 millionar kroner.

Sektorane sitt resultat vert nærmere omtala under tenesteområda sin tekstdel. Mykje av avviket mot budsjett skuldast pandemien. Meirforbruk innan sektor Omsorg, helse og sosial har vedvart over fleire år og det vert difor jobba med å tilpasse driftsnivået til budsjettramma.

1.4.2.3 Finansielle poster

Renterinntekter og utbytte

	Rekneskap 20	Budsjett 20	Rekneskap 19	Budsjett 19
Samla renteinntekter	6 057 280	4 905 984	10 946 693	9 079 586
Utbytte (BKK)	5 447 142	5 447 142	7 500 000	7 500 000

Grunnen til lågare renteinntekter i 2020 enn 2019 er lågare innskotsrente i 2020 enn 2019. Kommunen si bankavtale gir ei innskotsrente som er Nibor 3 mnd pluss 0,52%

I desember 2019 fekk kommunen ei innskotsrente på 2,3%. I desember 2020 var innskotsrenta 0,9%.

BKK kjøpte Kvinnherad Energi sin nettdel i 2019. Kommunen mottok kr 5,5 mill i utbytte frå BKK i 2020. Kvinnherad Energi betalt ikkje utbytte i 2020.

Kraftfondet:

2020 var eit turbulent år som avslutta godt i finansmarknadane. Gjennom februar og mars fall verdien av globale aksjar med 30.000 milliardar dollar. Oslo Børs fall 31 % og globale aksjar 33 %. Etter mars steig aksjeverdiane igjen gradvis, i stor grad drive av teknologiaksjar. I november og desember reagerte finansmarknadane positivt, mellom anna knytt til vaksinenyhende og til resultatet av valet i USA. 2020 i samla vart eit svært godt år.

Verdien av Kraftfondet steig med 50,6 millionar kroner i 2020 til 785,0 millionar kroner. Avkastninga utgjer 6,72 %. Det vart ikkje gjort nedsal i Kraftfondet i løpet av 2020.

Avkastninga fordelt på aktivaklassar var som følgjer:

Kraftfondet	Portefølje	Benchmark	Avvik
Totalt	6,72 %	6,79 %	-0,07 %
Aksjar	13,69 %	7,44 %	6,25 %
Obligasjonar	1,20 %	3,50 %	-2,30 %
Pengemarknad og bank	-17,11 %	0,62 %	-17,73 %
Private Equity	4,55 %	13,27 %	-8,72 %
Eigedom	7,78 %	7,83 %	-0,05 %
Hedgefond	12,26 %	0,62 %	11,64 %

Kraftfondet		
Rekneskap	Revidert budsjett	Budsjett
50 634 724	-	31 500 000

Rentekostnader og avdrag:

På trass av vekst i lånegjeld vart auken i rentekostnader frå 2019 til 2020 liten. Dette grunna

lågare gjennomsnittsrente i 2020 enn 2019. Lågare rente på lån med flytande rente i tillegg til refinansieringer av fastrentelån i 2020 medførte at gjennomsnittsrenta på låneporleføljen vart redusert betydeleg. Grunnna nye forskrifter for berekning av minsteavdrag i 2020 auka kravet om innbetaling av avdrag i 2020 mot 2019.

	Rekneskap 20	Budsjett 20	Rekneskap 19	Budsjett 19
Renter	31 438 729	30 990 476	30 231 232	33 935 081
Avdrag	62 182 423	62 470 036	56 127 212	56 180 098

1.4.2.4 Netto driftsresultat

Netto driftsresultat måler om kommunen sin drift går i balanse d.v.s. forholdet mellom inntekter og utgifter. Netto driftsresultat som resultatmål syner kor mykje av driftsinntektene som er disponibele til avsetjing eller finansiering av investeringar. God avkastning på kraftfondet samt pensjonsføringar er med å dekke opp meirforbruk i drifta.

Netto driftsresultat på 30,0 millionar kroner utgjer 2,84 % av inntektene. Dette er over det finansielle måltallet om netto driftsresultat på 2,75 % av inntektene.

Av netto driftsresultat på 30,0 millionar kroner utgjer 14,4 millionar kroner av desse eit mindreforbruk som skal disponerast av kommunestyret. Det resterande er øyremerka midlar som skal setjast av på bunde fond for seinare bruk.

	2020	Rev. budsjett	Budsjett
Brutto driftsresultat	-23,2	-65,3	-16,6
Netto finansutgifter	-20,2	-83,5	-50
Motpost avskrivningar	73,4	73,4	73,4
Netto driftsresultat	30	-75,4	6,8
Herav mindreforbruk	14,4	-75,4	6,8
Herav auke i bundne fond	15,6	0	0
i %	2,84 %	-7,15 %	0,64 %
Finansielt måltall	2,75 %	2,75 %	2,75 %

1.4.2.5 Disposisjonsfond

Disposisjonsfondet er kommunen sin eigenkapital og fungerer blant anna som sikkerhetsnett i årlege år. Oversikten under syner utvikling av disposisjonsfondet i åra 2017 til 2020. Delar av fondet er satt av til enkelte formål, som dekning av premieavvik og investeringar..

	2017	2018	2019	2020
Disposisjonsfond	118 439	153 203	162 598	187 207
Satt av til formål	51 400	51 400	62 400	108 870
Disposisjonsfond minus formål	67 039	101 803	100 198	78 337



Tabellen under syner utviklinga i disposisjonsfondet i 2020. Mindreforbruket i 2020 er føreslege avsett i sin heilhet til disposisjonsfond.

Disposisjonsfond 01.01.2020	162 598 879
Disponering av overskot 2019	93 756 208
Kjøp av BKK-aksjar 2019	-77 798 314
Tilskot Fellesrådet	-2 000 000
EK-innskot KLP	-3 396 124
Diverse vedtak 2020	-348 483
Mindreforbruk 2020	14 394 848
Disposisjonsfond 31.12.2020	187 207 014
i % av brutto driftsinntekt	13,90 %

Det vedtekne måltalet for disposisjonsfond er 10% av driftsinntekter.

1.4.3 Investeringsrekneskapet

1.4.3.1 Investeringar

I 2020 blei det investert for 177,5 millionar kroner. Investeringane er finansiert gjennom låneopptak og momskompensasjon.

Under er ein oversikt over dei største investeringane i 2020:

Største investeringar 2020	i millionar kroner
Aksen	34,5
Tilkomstveg Kvinnherad Arena	23,1
Grunnkjøp/tilrettelegging	13,1
Tiltak Svartavatnet	8,9
Husnes brannstasjon	8,0

Budsjettet for 2020 som innheld investeringsbudsjett for 2020 og gjenverande investeringar

frå tidlegare år er på 375,7 millionar kroner. Gjenverande investeringar er følgjeleg 198,2 millionar kroner ved utgangen av 2020. Av denne summen er det tatt opp lån på 182,7 millionar kroner. Desse midlane er ikkje tilgjengelege, men er brukt for å dekke opp tidlegare driftsunderskot for å unngå nedsal i Kraftfondet. Når desse investeringane vert gjennomført vert det nødvendig med tilsvarende nedsal i Kraftfondet.

Unytta midler i 2020 vert som hovudregel ført over til 2021 som kjem opp som eiga sak til kommunestyret i april 2021. Av dei gjenverande investeringane er desse dei største:

Store unytta løyingar(i millionar kroner)	
Kvinnheradpakken	40,0
Aksen 2	24,5
Bustadpakken	23,5
Oreigning Husnes	8,8
Avløpssanering Røssland-Kaldestad	7,5

Viser til kommentarer under Teknikk og Miljø samt rekneskap med noter for nærmere forklaring til dei enkelte prosjekt.


heile tusen	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Avvik
50 VATN	18 739	35 459	-16 720
51 AVLØP	10 874	48 148	-37 274
52 VEG/PARK/IDRETT	34 157	43 955	-9 798
53 BYGG	54 681	84 513	-29 832
54 EIGENDOM	18 988	31 940	-12 952
55 TEKNIKK OG MILJØ	11 366	30 145	-18 779
56 VEDLIKEHALD BYGG	9 926	10 741	-814
57 VEDLIKEHALD VEG/PARK/IDRETT	8 133	15 857	-7 725
59 ANDRE PROSJEKT	10 672	74 962	-64 290
SUM	177 535	375 720	-198 185



1.4.3.2 Langsiktig gjeld

Kommunen si langsiktige gjeld var på 1,77 milliardar kroner ved utgangen av året. Gjelda har auka frå kr 1,15 milliardar kroner til kr 1,77 milliardar kroner dei siste 6 åra. Det er ein auke på 54,4%.

Sum driftsinntekter har i same perioden auka frå kr 1,06 milliardar kroner til 1,34 milliardar kroner. Dette er ein auke på 26,9%. Dette betyr at renter og avdrag si belastning på driftsbudsjettet har auka dei siste åra.



Låneportefølje	Beløp	Fordeling	Vekta rente
Fast rente	1 145 044 878	64,8 %	2,05 %
Variabel rente	623 035 255	35,2 %	0,73 %
Sum	1 768 080 133	100,0 %	1,58 %

Finansreglementet tilseier at låneportefølja skal bestå av minimum 1/3 flytande rente og 1/3 fastrente. Rentebindinga på låneporteføljen skal ligge mellom 1 og 5 år, med 3 år som eit mål i ein normalsituasjon.

I 2020 vart det refinansiert lån for over 700 millionar kroner. I tillegg vart det tatt opp lån til nye investeringar på 138,85 millionar kroner. I 2020 vart det lagt fokus på å auke del lån med flytande rente for å kome innunder kravet til Finansreglementet. Dette har medført at låneporteføljens si gjennomsnittsrente er redusert frå 1,90 % i 2019 til 1,58 % i 2020.

Refinansieringer og nye låneopptak - 2020				
Långjevar	Lånebeløp	Startdato	Forfall	Rente
Kommunalbanken	160 374 000	28.02.2020	28.02.2025	2,15 %
DNB	195 700 000	16.03.2020	16.03.2023	1,81 %
Nordea	60 000 000	24.04.2020	24.11.2020	0,91 %
KLP	107 500 000	24.04.2020	24.04.2025	0,58 %
Kommunalbanken	138 850 000	02.07.2020	02.07.2025	0,65 %
KLP	196 650 000	12.10.2020	12.10.2023	0,70 %

	2020	2019
Kapitalbinding	4,77 år	4,55 år
Rentebinding	2,72 år	3,26 år
Vekta gjennomsnittsrente	1,58 %	1,90 %

1.4.4 Likviditet

Arbeidskapital er eit godt mål for kommunen sin likviditet. Arbeidskapitalen måler kommunen sin gjenverande likviditet etter at alle kortsiktige fordringar er krevd inn og all kortsiktig gjeld er betalt ut. Arbeidskapitalstyring er eit viktig tiltak for å kunne ha ei sunn kommunal drift samstundes som ein opprettheld ein sunn balanse.

Det vart ikkje gjort nedsal i Kraftfondet i 2020, drifta fekk difor ikkje tilførsel av likviditet frå Kraftfondet i 2020. Av netto driftsresultat på 30,0 millionar kroner utgjorde avkastning frå Kraftfondet 50,3 millionar kroner. Kommunen hadde følgjeleg eit driftsmessig likviditetsunderskot i 2020 på ca 20,3 millionar kroner.

I berekning av arbeidskapital under er Kraftfondet og premieavvik trukket frå omløpsmidlane for å gje eit bedre bilde av den likvide situasjonen til kommunen. Premieavvik er ikkje ein likvid fordring, men ein forhåndsbetalt kostnad som vert kostnadsført i rekneskapet dei komande åra.

Arbeidskapital	
Omløpsmidlar eksl. Kraftfondet og premieavvik	222,9
Kortsiktig gjeld	172,1
Arbeidskapital	50,8

Kvinnherad kommune sin arbeidskapital var ved utgangen av året 50,8 millionar kroner. Som tidlegare omtala har kommunen tatt opp lån til investeringar som ikkje er gjennomførte tilsvarende 182,7 millionar kroner. Kommunen er følgjeleg ikkje i likvid situasjon til å betale desse investeringane utan å gjere nedsal i Kraftfondet tilsvarende 131,8 millionar kroner(unnta lånemidlar fratrukkt arbeidskapital).

Dei seinare åra har lån frå planlagte investeringar vore brukt i drifta for å dekke opp for driftsmessig likviditetsunderskot og utsette nedsal i Kraftfondet. Ved utgangen av 2020 tilsvarte dette beløpet 16,7 % av marknadsverdien av Kraftfondet. Dette er etter kommunedirektørs syn vestenleg finansiell risiko som bryt med kommunelova §14-1.

Tabellen under viser korleis dette beløpet har utvikla seg dei siste åra(definisjon: sum overskotslikviditet).

	2017	2018	2019	2020
Bankinnskot	204 181 288	175 858 154	187 446 663	147 634 064
Skattetrekke	24 599 220	24 819 670	26 770 417	27 509 960
Disponible bankinnskot	179 582 068	151 038 484	160 676 246	120 124 104
Ubrukte lånemidlar	136 851 092	162 100 412	125 958 800	182 667 565
Kjernelikviditet	42 730 976	-11 061 928	34 717 446	-62 543 461
Fordringer - premieavvik - kg + skattetrekke	-151 566 144	-104 802 194	-127 321 358	-69 264 462
Sum overskotslikviditet	-108 835 168	-115 864 122	-92 603 912	-131 807 923
Kraftfondet som omløpsmidler	715 046 000	704 388 000	734 362 172	784 997 000

2 Administrasjon

2.1.1.1 Økonomi

Resultatet for 2020 syner eit overskot. Seksjon stab (Administrasjon frå 01.12.) har også dette året hatt fokus på å halda vedteken budsjetttramme. Tilsette hos oss har merksemd på god prosjektstyring, og me stiller høge krav til våre leverandørar. Me følgjer opp avtalar og har oversikt og kontroll på at det som vert levert frå leverandør er det som me betalar for. Me evaluerer og reforhandlar også jamleg avtalar på fagsystem og syt for at desse er oppdaterte i høve bruk og nytte.

Tal tilsette er redusert i løpet av året: 0,5 stilling på avdeling Økonomi, 0,5 stilling på avdeling Informasjon (frå 31.12. 1,0 stilling) 1 stilling på avdeling Personal som vart ein del av vårt ansvar frå 01.12. På IT er bemanninga auka opp med 1 tilsett etter to år der bemanning vart redusert med 3 tilsette.

Det har ikkje vore nytta vikarar ved sjukefråvere, medan sjukelønsrefusjon ikkje vart budsjettert med.

Seksjonen fekk tilført kr. 850 000 ved revidert budsjett for å dekka opp løn for skatteoppkrevjar som fekk forlenga 2,8 stillinger frå 01.05. til 01.11. (sentralt bestemt). Desse midlane vart ikkje nytta fullt ut.

Konsulentar er brukt i liten grad dette året, rekneskapet syner stor innsparing på desse postane for dei avdelingane dette er budsjettert med. Noko av grunnen til innsparingen er situasjonen rundt Korona, der fleire prosjekt stoppa opp. Desse står på vent og vil forhåpentleg koma i 2021.

Lisensar syner underforbruk, dette er ikkje reelt, då faktura frå leverandør vart betalt på nyåret og vart rekneskapsført i 2021.

Årsmelding 2020 1

Beskrivelse	Regnskap 2020	Reg budsjett 2020	Avvik 2020
Stab felles			
Lønn og sosiale utg	26 537 321	26 355 634	181 687
Kjøp inngår i tj prod	8 012 547	8 003 123	9 424
Kjøp erstatter tj prod	1 417 246	1 585 237	-167 991
Overføringer fra komm	3 179 686	4 963 499	-1 783 813
Finansutgifter	15 455	1 000	14 455
Salgsinntekter	-465 388	-448 332	-17 056
Refusjoner	-5 762 329	-3 344 241	-2 418 088
Overføringer til komm	-263 105	-2 460 429	2 197 324
Finansinntekter	-1 117 406	-190 984	-926 422
Sum	31 554 027	34 464 507	-2 910 480

netto drift 2020

Beskrivelse	Regnskap 2020	Reg budsjett 2020	Avvik 2020
Stab felles			
Driftsutg	39 162 255	40 908 493	-1 746 238

Beskrivelse	Regnskap 2020	Reg budsjett 2020	Avvik 2020
Driftsinnt	-7 608 228	-6 443 986	-1 164 242
Netto	31 554 027	34 464 507	-2 910 480

2.1.1.2 Personal


Seksjon Stab - Administrasjon:

Som leiar for 43 dyktige og motiverte tilsette i Seksjon stab, vil eg nyttre dette høvet til å rosa den måten tilsette har løyst utfordringane og arbeidsmengda på i dette unntaksåret 2020. Det har vore stort trykk på tenestene våre, og tilsette har stått på og utført arbeidsoppgåvene sine på måtar som er tilpassa den skiftande situasjonen som Korona har gitt oss.

Digitalisering gjer arbeidsoppgåvene enklare å utføra, men stiller store krav til gode rutinar, kontroll, kvalitetssikring og rapportering, og til dette treng me ressursar med høg fagleg og digital kompetanse. Målet vårt er heilt klart, me skal følgja den nasjonalt styrte, digitale utviklinga i samfunnet, og dei tilsette gjer sitt beste for at ikkje strategi- og utviklingsoppgåvene skal bli slukt av dagleg drift. Med redusert tal tilsette er dette ei av dei største utfordringane våre.

Frå 01.12. vart Seksjon løn og personal med tilsette på avdelinga, lærlingar, hovudtillitsvalde, og hovudverneombod overført til seksjon Seksjon stab, og navnet vart endra til Administrasjon. Seksjonsbegrepet vert fjerna frå organisasjonskartet. Seksjonsleiar for seksjon løn og personal slutta, og seksjonsleiar stab overtok leiaransvaret for det som no er Administrasjon.

Administrasjon ligg rett under kommunedirektør, og alle våre tilsette har delegert instruksjonsmynde i høve fagsystem og rutinar innafor avdelingane sine fag- og ansvarsområde som er:



Avdeling Økonomi - 10 tilsette

Tal tilsette vart redusert frå 10 til 8 då skatteoppkrevjarfunksjonen vart flytta frå kommunen til Staten den 01.11 (oppinneleg dato for overføring var 01.05). Frå 01.12 vart 2 merkantile overført til avdelinga, og tal tilsette er pr 31.12. totalt 10 med 9,5 årsverk.

Ansvar for Investeringsutval, økonomistyring, finans, budsjettstyring, rekneshap, innkrevjing kommunale krav, faktura, e handel, anbod, representant i Sunnhordland Interkommunale innkjøpsforum, startlån og tilskotsordningar, overordna ansvar for eigedomsskatt,

Når det gjeld 2020 og situasjonen rundt Korona så var det ei stor utfordring å få oversikt, og kreditera faktura for mykje innbetalt/ikkje utførte tenester som gjeld barnehage, sfo og kulturskule då desse einingane vart stengt.

Det har gjennom året 2020 ikkje vore registrert at det er lågare betalingsevne blant innbyggjarane som følge av Korona.

Avdeling Informasjon-Innbyggjarservice - 12 tilsette

Ansvar for post/arkiv 4 årsverk, innbyggjarservice 2,4 årsverk, merkantil ressurs 3,2 årsverk. Avdelinga totalt sett har hatt særskilt fokus på 2 område, digitalisering og samhandling/informasjon ut mot innbyggjarane. Kvinnherad kommune skal vera ein open og gjennomsiktig organisasjon og dette er grunnleggjande for alt arbeid i avdelinga.

Avdelinga har ansvar for all brukarkontakt, digitalt og i møte med brukar. Sak/arkiv, dokumenthandtering, sentralt postmottak, sentralbord, heimeside, facebook, instagram, chat, elektroniske søknadskjema. 0,4% er knytt til politisk sekretariat.

2020 har vore prega av Korona og tett samarbeid med kommuneoverlege og beredskapsgruppa i kommunen. Kommunen sitt fokus skal vera faktabasert, positivt vinkla, god informasjon ut til innbyggjarane, og det skal vere lett å oppnå kontakt.

Frå 01.12. Administrasjon stab- 5 tilsette

Nyoppretta stab der det er samla ressursar frå Administrasjon som jobbar ut i mot heile organisasjonen og politikarane - 2 juristar, 2 fagkoordinatorar omsorg - oppvekst, 1 tilsett politisk sekretariat.

Sal og skjenking: Kvinnherad kommune har 20 salsløyve for alkoholhaldig drikk, 28 tobakkutsal og 24 skjenkeløyve. I 2020 vart inngått eit vertskommunesamarbeid for kontrollarbeid, der formålet er å sikra kvalitetsmessig god skjenke- og salskontroll i samsvar med alkohollov og -forskrift, samt kontroll av at salstadane følgjer regeleverket etter tobakkskadelova. Inntektene av gebyr knytt til sal og skjenking skal dekka kontrollarbeidet (løn, reise, kost), vegleiing og oppfølging av brot.

Frå 01.12. Avdeling Personal - 8 tilsette

Avdelinga endra navn frå løn og personal til Personal. Alle tilsette skal utføra oppgåver knytt til fagfelta personal i tillegg til det praktiske lønsarbeidet. 4 tilsette frå merkantil gruppe vart overført til denne avdelinga. Avdelinga har ansvar for lønsarbeid internt, for Kvinnherad kyrkjelege Fellesråd og stiftinga Folgefonsenteret. Ansvar for personalsaker, kontaktpunkt mot NAV, AKAN og pensjonsleverandør. Ansvar for gjennomføring av lønsforhandlingar.

Merkantil ressurs

Gruppe Omsorg, helse og sosial & oppvekst: Tilsette med kunnskap innan fagsystem og rutinar knytt til økonomi, personal, anna hjelp til einingsleiarar/sekotorleiar i alle einingar i sektorane. Eigne nettverks- og fagsamlingar innan sektorane.

Tilsette i denne gruppa vart frå 01.12. overført til avdelingane under Administrasjon der dei tilsette har størst fagleg tilknytning. Unntak for 2 fagkoordinatorar som no høyrer til Administrasjon stab. Dei fleste tilsette har framleis fysisk oppmøte i einingar innan sektorane (Skule-Institusjon-Rus-Bu og habilitering) medan andre hospiterer i avdelingane dei er tilknytt. 3 av dei tilsette vart overført til Sektor oppvekst - Barn og familie.

Avdeling IKT - 7 tilsette

Ansvar for all prioritering av digitalisering, IT support, døgnvakt, nettverk, digital kommunikasjon, teknisk hjelp, støtte telefon (knytt til teknisk i fht sentralbord rådhus/helsesenter/Barn og Familie/Rosendalstunet)

Auka bruks av digitale samhandlings plattforma gjev utfordringar i forhold til datasikkerheit. Det er med denne bakgrunnen auka med 1 tilsett på avdelinga i 2020. Den tilsette har høg

kompetansepå området, og deler kunnskap i avdelinga. IT sjef har delteke i DigiVestland si driftsgruppe dette året, her vert delt viktig kunnskap og kommunen får vera med og påvirka viktige avgjørder i gruppa..

Fysisk arbeidsmiljø:

Det har vore gjennomført vernerunde i tråd med dei føringane som ligg i internkontrollen. Oppfølging skjer kontinuerleg, med fokus på å samla tilsette med samanfallande oppgåver - døme avdeling informasjon som no er samlokalisert med IT, avdeling økonomi som sit i same miljø som Personal. Når tilsette flyttar mellom kontor og avdelingar vert kontor vaska og får eit strøk med maling der det er behov. Slik vedlikehald kostar lite, men gjer at huset ser fint ut. Det er utfordringar knytt til at det er mykje lettvegger og himlingar som gjer at lyd ber lett mellom kontora, det er starta eit arbeid med lydplater og isolering, men her står mykje att.

Arbeidsmiljø:

Leiar, avdelingsleiarar og fagkoordinatorar har faste samarbeidsmøte kvar månad, nokre fysiske andre på Teams. I tillegg er det fast møteplan for kvar avdeling og gruppe, der avdelingsleiar og fagkoordinator tek vidare overordna føringar, i tillegg til fokus på ansvars- og oppgåvefordeling, kunnskapsdeling og fagleg oppdatering.

Frå 10 faktor vart «Rolleklarheit» og «Kompetanseutvikling» fokusområde som me jobbar etter utan at me har kalla det oppfølging 10 faktor dette året. Men kvar avdeling har hatt ansvar for å følgja opp sine i høve dei måla som er sett. Intensjonen vår også dette året har vore å implementera fokusområda inn i det daglege arbeidet vårt. Det har naturleg nok ikkje vore råd å samla alle tilsette til noko felles møte for alle grunna korona situasjonen, men alle har vore samal til Teams møte, der det mellom anna var ein grundig gjennomgang for alle tilsette av justering organisasjon der Administrasjon vart til.

Medarbeidarsamtalar

Avdelingsleiar og seksjonleiar har gjennomført medarbeidarsamtalar med alle tilsette. Dei frikjøpte tillitsvalde har hatt samtalar med leiar. Lærlingane får si oppfølging gjennom fagleg leiar og instruktørane ute i einingane.

Sjukefråvere:

Sjukefråvere var 6,7 dette året, ei auke frå 2019. Bakgrunnen for dette er langvarig sjukdom, fråveret er kartlagt og oppfølging av tilsette er utført i tråd med det regelverket og dei rutinane som er i organisasjonen for dette.

Kompetanse:

Tilsette har delteke på eksterne kurs via teams innan ulike fag. Innsynskrav og forvaltningsrett, 1 tilsett har fullført arkivskulen - alle tilsette på sak-arkiv har no gjennomført denne utdanninga, sist tilsett har ikkje fullført ennå. Kurs i KS Læring, interne kurs - fokus på kunnskapsdeling.

Kursrekke på økonomidelen slik: Årssamling innkjøp, Brukaradministrasjon, Avstemmingsmodulen, Massekreditering Bhg/sfo i forbindelse med Covid-19, Eigendomsskatt og konsesjonskraft, Årsavslutning kommune rekneskap

Rekruttering:

Stadig aukande fokus på datasikkerheit i kommunal sektor har ført til at med har gått til det steg å rekruttera 1 ny tilsett ved avdeling IT på slutten av 2020.

Behovskartlegging i høve personvern og kommunikasjon pågår - organisasjonen rår over for lite eigne ressursar på desse områda.

2.1.1.3 Resultater

Mål :

Brukar i sentrum: Fokus på å utvikla tenestene våre i samsvar med dei krava som innbyggjarane og samfunnet rundt oss stiller i høve digital utforming og tilpassing er høgt. Brukarane (innbyggjarar, politikar og tilsette, næringsliv, frivillig sektor) og deira behov er det sentrale utgangspunktet for våre tenester og oppgåveløysing.

Digitale flater som facebook - instagram og video har også vorte testa ut dette året der Korona har ført til eit massivt informasjonsbehov hos innbyggjar. Det er ikkje gjennomført brukarundersøkingar, men tett kontakt med innbyggjarar syner gode tilbakemeldingar.

Måleindikator: Kommunale skjema og publikumsløysingar er lagt til rette for ytterlegare dette året, desse er digitalt tilgjengelege på kommunen sine heimesider.

Digitaliseringsprosjekt i organisasjonen: Desse skal planleggjast, prioriterast og gjennomførast samordna og profesjonelt i ei tverrfagleg samansett digital gruppe. Arbeid med nettverk og sikkerheit skal følgja parallelt. Det er tilsett 1 ny på IT avdeling med kompetanse på området.

Måleindikator: All ny programvare skal innom digitaliseringsgruppa før endeleg avgjerd om innkjøp. Sikkerheit og personvern skal ha fokus i alt nytt utstyr og nye system..

Leiar og medarbeidarutvikling – Vidareutvikla felles system for læring på tvers i organisasjonen. Samhandling mellom aktuelle partar for å oppnå god læring. Måleindikator: KS læring kurs knytt til arbeidsrett og fokus på arbeidsmiljø vert prioritert. Dette året er også gode kurs innan smittevern for dei ulike faggruppene våre prioritert. Kurs i innføring av ny modul av fagsystem sak/arkiv.

3 Politikk og administrativt sekretariat

Politikk:

Oversikt over møte i 2020:

- Kommunestyret – 11 møte (5 av dei på Teams) med i alt 151 saker.
- Formannskapet – 17 møte (5 av dei på Teams) med i alt 118 saker.
- Forvaltningsutvalet – 8 møte (3 av dei på Teams) med i alt 120 saker.
- Levekårsutvalet – 7 møte (4 av dei på Teams) med i alt 36 saker.
- Plan- teknikk og miljøutvalet – 7 møte (3 av dei på Teams) med i alt 33 saker.

I tillegg har det også vore møte i:

- Administrasjonsutvalet
- Eigarskapsutval
- Investeringsutval
- Styret for næringsfondet
- Eldrerådet
- Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
- Sakkunnig ankenemnd eigedomsskatt
- Sakkunnig nemnd – eigedomsskatt
- Ungdomsrådet

Formannskapet reiste til Oslo 11.mars, lite ante politikarar og administrasjon då kva tid kommunen då gjekk inn i...

Gjennomførte besøk hos Storebrand og LVK 11.mars, men resten av programmet fekk ein brå slutt 12.mars. Formannskapsmøte og besøk på Stortinget vart avlyst, og buss bestilt for tur heim att over fjellet.

Etter 12.mars har nesten alle politiske møte vore gjennomført digitalt på Teams. Det har fungert fint, og alle har vore innstilt på at dette skal vi få til.

For at møta skal vera tilgjengelege for publikum har teamsmøta vore sendt på KommuneTV.

Politisk sekretariat – 3 tilsette (1,4 årsverk)

Tilsette har ansvar for politiske møte, frå møteinnkalling, deltaking på møta og skrive protokoll etter møta. Ansvar for Web-TV. Ved fysiske møte legg ein til rette møterom og bevertning.

Dei tilsette har også fått tildelt oppgåvene med kommunal vigsel. Det er ordførar og varaordførar i tillegg to frå administrasjonen (sektorleiar Oppvekst og sektorleiar Samfunnsutvikling) som gjennomfører vigslane, medan pol.sekr. tilrettelegg før og etter seremonien. Sekretariat sender melding om vigsel til Skatteetaten og kopi til brudeparet.

Økonomi:

Rekneskapet syner eit overskot for 2020. Dette har samanheng med at reserverte bevillingar hos formannskapet hadde unytta midlar kr. 600 000, kostnader knytt til politiske møte er også redusert grunna digital gjennomføring (Reiseutlegg-bevertning osv). Kontrollutvalet hadde eit overskot på kr 150 000.

Årsmelding 2020 1

Beskrivelse	Regnskap 2020	Reg budsjett 2020	Avvik 2020
Politikk og administrativt sekretariat			
Lønn og sosiale utg	3 926 501	4 254 453	-327 952
Kjøp inngår i tj prod	2 053 348	2 053 756	-408
Kjøp erstatter tj prod	101 067	780 249	-679 182
Overføringer fra komm	1 257 585	1 772 310	-514 725
Finansutgifter	50 358	0	50 358
Salgsinntekter	0	0	0
Refusjoner	-21 691	0	-21 691
Overføringer til komm	0	0	0
Finansinntekter	0	-267 454	267 454
Sum	7 367 168	8 593 314	-1 226 146

netto drift 2020

Beskrivelse	Regnskap 2020	Reg budsjett 2020	Avvik 2020
Politikk og administrativt sekretariat			
Driftsutg	7 388 859	8 860 768	-1 471 909
Driftsinnt	-21 691	-267 454	245 763
Netto	7 367 168	8 593 314	-1 226 146

4 Sektor Oppvekst

4.1.1.1 Økonomi

Sektor oppvekst

For oppvekstsektoren har 2020 vore eit utfordrande år. Tilsette i barnehagar og skular har stått i førstelinje i pandemien. Dei fleste innan oppvekstsektoren har ikkje eigne kontor, dei har i arbeidet sitt vore ubeskytta mot smitte i møte med barn og unge. I eininga "Barn og familie" har dei tilsette hatt heimekontor når det har vore strengt pålagt. Dei har hatt kontakt med brukarane gjennom heile pandemien og gjennomført heimebesøk så langt som regeleverket har tillate det. Det er difor viktig å få uttrykkja ein stor takk for innsatsen og lojaliteten til oppdraget alle dei dei tilsette i sektoren har synt i pandemien. Ein tilsett vart smitta av Covid-19 i samband med arbeid i sektoren i 2020.

Sektor oppvekst er sett saman av 21 einingar. Tenestene har blitt utførte frå elleve kommunale barnehagar, åtte Barneskular, to ungdomsskular, ein kombinert barne- og ungdomsskule to oppvekstsenter ein kulturskule og eininga "Barn og familie". Eininga "Barn og familie" er sett saman av avdelingane; Barnevern, PPT, Helsestasjon og Tiltak og ressurs. Det er like over 100 tilsette i eininga og i tillegg kjem oppdragsgiverar som td støttekontaktar. Sektoren samla har 400 årsverk. Einingane i sektoren varierer sterkt både med med omsyn til årsverk og talet på tilsette. Sektorleiar og fire rådgjevarar er tilsette ved sektorkontoret.

Hovudprosessen til sektoren er læring, omsorg og danning. Målsetjinga er å utvikla barn og unge til "heile" menneske og sikra dei gode oppvekstkår i eit inkluderande og trygt oppvekstmiljø. Alle tenestene arbeider med å utvikla ein inkluderande praksis.

Ein god barndom har ein eigenverdi for den einskilde, men det legg også tilrette for ei berekraftig utvikling for samfunnet. Barn som ikkje får den støtte dei treng i barndomen har problem med å koma seg gjennom grunnutdanninga, og kan enda opp som unge uføre. Det er ikkje berre ein personleg tragedie, men også økonomisk kostbart for samfunnet og lite berekraftig.

Sektor oppvekst har eit særskild ansvar for å yta eit tilpassa og godt tilbod til dei som av ein eller annan grunn har utfordringar som lærevanskar, sjukdom eller vanskelege familieforhold. For å få dette til må det vera eit klokt og godt tverrfagleg samarbeid mellom profesjonar, einingar og sektorar i kommunen.

Barnetalsutviklinga i barnehagane dei siste fire åra. (1 - 5 år)

Årstal	2017	2018	2019	2020
Tal barn 1- 5	642	597	591	579

Tabellen over syner barnetalsutviklinga i barnehagen dei siste fire åra. Det har vore ein nedgang på 63 barn.

Elevtalsutviklinga i skulane dei siste fire åra. (6 - 15 år)

Indikator og nøkkeltall	2017-2018	2018-2019	2019-2020	2020-2021
Talet på elevar	1 683	1 646	1 638	1 598
Talet på skolar	15	15	15	15
Talet på lærarar med kontaktlærarfunksjon	129	129	126	123

Indikator og nøkkeltall	2017-2018	2018-2019	2019-2020	2020-2021
Talet på lærarar	213	212	205	199

Tabellen over syner elevtalsutviklinga i dei kommunale skulane fra 2017 - 2020. Det har vore ein nedgang på 85 elevar dei siste fire åra. Tabellen syner også at det er 14 færre lærarar som arbeider i skulane i 2020 samanlikna med fire år tilbake.


Barnehage - Netto driftsutgifter per innbyggjar 1 - 5 år i kroner



	2017	2018	2019	2020
Kvinnherad	154 973,0	166 679,0	181 103,0	191 748,0
Voss herad				161 063,0
Stord	144 650,0	147 787,0	151 247,0	155 254,0
Bømlo	140 451,0	150 607,0	163 682,0	182 039,0
Vestland				170 396,0
Kostragruppe 08	141 304,0	151 878,0	165 033,0	165 521,0

Graf og tabell over her syner nettodriftsutgifter pr barn i barnehagane i kommunen pr barn. Kvinnherad brukar kr 26 000 meir pr barn i året enn kostragruppe 8. Viss ein tek utgangspunkt i kommunen sine 579 barn utgjer dette om lag kr 15 mill pr år. Årsaka til at kommunen ligg så høgt over kostragruppa som ein samanliknar seg med handlar om at kommunen eig dei små barnehagane og at overføringane til dei store private barnehagane skal vera like dei ressursane ein nyttar pr barn i dei kommunale. Det er stort potensiale for innsparinger med å redusera antalet kommunale barnehagar.

Skule - Netto driftsutgifter per innbyggjar 6 - 15 år



	2017	2018	2019	2020
Kvinnherad	98 553,4	103 759,8	107 047,3	112 488,9
Voss herad	97 230,4	100 004,3	108 386,5	106 827,7
Stord	83 296,2	88 399,7	91 340,0	94 326,6
Bømlo	95 691,5	97 660,5	101 413,3	101 169,1
Vestland	93 908,6	97 671,4	102 476,6	96 604,8
Kostragruppe 08	98 485,0	101 937,5	107 933,3	105 761,8

Graf og tabell over her syner netto driftsutgifter pr barn i skulen på kr 112 489 pr år. Det utgjer kr 6 700 pr barn over gjennomsnittet i Kostragruppe 8. Med våre 1598 barn utgjer dette om lag kr 10,7 mill pr år over. Endra organisering av skulane gjev potensiale for innsparinger.

Kulturskulen - Dekningsgrad barn 6 - 15 år

	2017	2018	2019	2020
Kvinnherad	22,2 %	21,6 %	22,6 %	23,2 %
Voss herad				16,7 %
Stord	20,5 %	21,8 %	21,9 %	20,1 %
Bømlo	20,9 %	20,4 %	19,8 %	21,3 %
Vestland				13,1 %
Kostragruppe 08	14,7 %	14,8 %	13,4 %	19,5 %

Tabellen over viser at 23,2 % av barn mellom 6 og 15 år har eit tilbod på kulturskulen. Det vil seia at det er 3,7 % høgare kulturskuledeltaking i Kvinnherad enn gjennomsnittet for kommunane i Kostragruppe 8.

Barnehage - Spesialpedagogisk hjelp og barn med nedsett funksjonsevne

	2017	2018	2019	2020
Antall barn som får spesialpedagogisk hjelp etter	10	17	17	12

	2017	2018	2019	2020
barnehageloven §19a				
Antall barn med nedsatt funksjonsevne med vedtak etter barnehageloven § 19 g annet ledd	8	22	21	24
	18	39	38	36

Som ein ser i tabellen over har talet på barn som får spesialpedagogisk hjelp (19a) i barnehage halde seg nokolunde stabilt dei siste åra. Vedtak om tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne (19g) har auka sterkt dei siste fire åra. Dette har med tidleg innsats å gjera.

Skule - spesialpedagogisk hjelp i skulen

	2017/18	2018/2019	2019/20	2020/21
Antal elevar som får spesialundervisning etter §5-1	134	135	124	109

I tabellen over ser ein at det har vore ein nedgang i talet på elevar som får spesialpedagogiske tilbod i skulane. Over dei siste fire åra er det 25 færre elevar. Det vil seia at 6,8% av elevane har vedtak om spesialundervisning. Målsetjinga er å setja inn tidleg innsats og på den måten hjelpe barn slik at ein kan redusera spesialundervisninga etter kvart som ein vert eldre. Dette er ein intensjon og ei målsetjing som vil utfordra oss framover.

Avvik

Frå nokre einingar har det i kvalitetssystemet vore meldt avvik som handlar om problemstillingar rundt barn med aggressiv åtferd mot tilsette. Barn som har det vanskeleg må møtast på ein god måte. PPT har som ein av sine oppgåve å veileda skular og barnehagar i dette. I nokre tilfelle vert det sett inn ekstra ressursar rundt barna.

Årsmelding 2020 1

Beskrivelse	Regnskap 2020	Reg budsjett 2020	Avvik 2020
Sektor for oppvekst			
Lønn og sosiale utg	332 663 725	332 155 575	508 150
Kjøp inngår i tj prod	31 850 536	32 342 222	-491 686
Kjøp erstatter tj prod	16 843 043	16 230 290	612 753
Overføringer fra komm	11 537 193	8 590 416	2 946 777
Finansutgifter	6 833 373	200 000	6 633 373
Salgsinntekter	-16 104 966	-19 203 897	3 098 931
Refusjoner	-38 985 556	-33 286 786	-5 698 770
Overføringer til komm	-9 955 122	-11 152 587	1 197 465
Finansinntekter	-688 718	0	-688 718
Sum	333 993 508	325 875 233	8 118 275

netto drift 2020

Beskrivelse	Regnskap 2020	Reg budsjett 2020	Avvik 2020
Sektor for oppvekst			
Driftsutg	399 727 870	389 518 503	10 209 367
Driftsinnt	-65 734 362	-63 643 270	-2 091 092
Netto	333 993 508	325 875 233	8 118 275

Økonomi

Sektoren hadde ei ramme på kr 325 875 233 i 2020. Det var ein nedgang frå 2019. Barnetalet i kommunen har gått ned dei siste åra og inntektene frå staten vert derfor reduserte. Samla sett gjekk sektoren med eit underskot på kr 8 118 275 i 2020.

1,2 mill av dette er koronakostnader som sektoren ikkje fekk kompensert for.

Meirforbruket skuldast vidare barnehagar/skular som i løpet av året har fått barn/elevar med stor trøng for tilrettelegging eller spesialpedagogisk hjelp.

Tilrettelegging for barn i barnehagen har auka med 3 mill samanlikna med førra år. Kommunen har ansvar for å bera dei økonomiske kostnadane med tilrettelegging både for private og kommunale barnehagar. Det er verd å merka seg at vedtak om tilrettelegging i barnehagen (barnehagelova 19g) har auka kvart år etter at det vart lovheimla rett.

I samband med pandemien har kortidsfråværet i barnehagar og skular auka. Ved symptom på forkjølelse /influenta har tilsette måtta vera heime til dei har fått svar på testar, dette har naturlegvis auka kortdsfråværet og kostnader med vikar.

Inntektene i sektoren er reduserte med over tre millionar i forhold til budsjettet. Dette skuldast delvis mindreinntekter til barnehage/SFO/basseng/ kulturskule i samband med nedstenging i pandemien. Dei aller fleste einingane har god budsjettkontroll og held seg innafor rammene

4.1.1.2 Personal

Sjukefråværet

Det er ein liten auke i sjukfråværet frå 2029 til 2020. Dette skuldast nok pandemien og at dei som har hatt symptom på influenza ikkje har fått lov til å vera på jobb før dei har fått negativ testresultat. Dette har ført til auka korttidsfråvær ved dei fleste barnehagar og skular. Ein liten auke frå 8,2 i 2019 til 8,8 i 2020. Sjukefråværet i sektoren er under snittet for kommunen (9,0) og er eit godt resultat med omsyn til utfordringar tilsette i barnehagar og skular har hatt med å stå i fremste linje i pandemien.

Årsverk tilsette

I 2020 hadde Oppvekstseksjonen omlag 400 årsverk. Dette var ein reduksjon frå året før med 33 årsverk. I dette talet ligg det 6,1 årsverk reduksjon då biblioteket vart flytta frå oppvekstsektoren til samfunnsutvikling. Reduksjon i årsverk skuldast stor nedgang i barnetalet ved dei aller fleste barnehagar og skular i kommunen.

Medarbeidarsamtale

Dei aller fleste einingane melder at dei har fått gjennomført medarbeidarsamtale trass i utfordringane i pandemien. Sektorleiar har gjennomført medarbeidarsamtalar med leiarane i sektoren på Teams.

Det blir meldt om at ein har jobba med arbeidsmiljøundersøkinga (10-faktor) og andre brukarundersøkingar i einigane i sektoren.

Kompetanse

Desentraliser kompetanseheving:

Desentralisert kompetanseutviklinmg (Dekom), er kompetanseordninga frå Utanningsdirektoratet som gjeld skulane. Ordninga skal sikra at alle skuleeigarar gjennomfører eigne kompetanseutviklingstiltak. I ordninga skal skuleeigar samarbeida med fylkesmannen og UH-sektoren med å kartlegga trong for kompetanseutvikling og planleggja utviklingsarbeidet. Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) har hatt ei sentral rolle i vår region med å leggja tilrette for kompetanseutvikling etter dei kompetansebehova deltakarkommunane har. To nye skular har starta opp i 2020, Husnes ungdomsskule og Undarheim skule. Halsnøy skule og Øyatun skule har avslutta sine to år med skulebasert kompetanseheving.

Oppfølgingsordninga

Oppfølgingsordninga vert tilbode kommunar som har «stort strekk i laget», det vil seia at det er store variasjonar i læringsresultat mellom skulane. Grunnlaget for denne skilnaden er målingar over ein treårsperiode i det statlege kvalitetssystemet. Dette vert målt;

- Grunnskulepoeng

Nasjonale prøvar lesing og rekning – 5. trinn

Nasjonale prøvar lesing og rekning – 8. trinn

Elevundersøkinga – mobbing – 7. og 10. trinn

Elevundersøkinga – støtte frå lærarane – 7. og 10. trinn

Elevundersøkinga – motivasjon – 7. og 10. trinn

Dei fem skulane som er med i oppfølgingsordninga har 58%, 47%, 42%, 37 % og 36% risikopoeng. Den skulen i Kvinnherad som har færrast risikopoeng har 2%

Regional kompetanseheving

Regional ordning handlar om barnehagebasert kompetanseheving. Den regioanle ordninga skal stimulera til godt samarbeid mellom barnehagemynde, barnehageeigar, statsforvaltar, UH-sektoren (universitet og høgskular) og andre aktørar. FOS legg tilrette for kompetansehevinga og det er NLA som representerer høgskulesektoren i prosjekta i Kvinnherad. Nye barnehagar inn i ordninga i 2020 var Omvikedalen barnehage og Bringedalsbygda barnehage.

Kompetanse for kvalitet

Gjennom strategien kompetanse for kvalitet, får lærarar tilbod om vidareutdanning i ulike fag. Dette er ei statleg ordning som blei innført etter at kravet til undervisningskompetanse vart auka i barneskule/ungdomsskule til 30/60 studiepoeng i norsk, matematikk og engelsk.

Kompetanseheving i eininga barn og familie

Heile eininga var i 2020 med på eit omfattande kompetansehevingsprosjekt med RVTS (Ressurssenter om vald, traumatiske stress og sjølvmodsførebygging) om traumebasert tilnærming til barn og unge.

Det vart også starta eit kompetansehevingsprosjekt med RVTS som vert kalla «Samtalar med barn» der ein gjennom rettleatingsgrupper skal bli betre til samtalar med barn. Denne opplæringa skal heile eininga gjennom etterkvar, og vi får eigne gruppeleiara som skal drifte prosjektet internt etter kvart.

Rekruttering

Å rekruttera nok lærarar til skulane er ei utfordring. I 2020 var det 13 tilsette som ufaglærte lærarar i kommunen. Talet ufaglærte i skulane skuldast nok til ein viss grad at mange lærarar deltek i vidareutdanningstilbod for å auka undervisningskompetansen sin etter at det vart sett krav om 30/60 studiepoeng innan basisfaga.

I eininga barn og familie er det særskild vanskeleg å rekruttera psykologar, men det er også vanskeleg å rekruttera barnevernspedagogar, helsejukepleiarar og spesialpedagogar.

Likestilling:

I sektoren er det stor overvekt kvinner. Det er typisk for omsorgssyrker. Størst er overvekten av damer i barnehage og det er svært få menn som arbeider i barnehagane. 2,1% av dei tilsette i barnehagen er menn. I leiargruppa i sektoren arbeider det 12 kvinner og 9 menn som einingsleiarar.

4.1.1.3 Resultater

I oppvekstsektoren vert det gjennomført ei rekke kartleggingar, målingar og brukarundersøkingar kvart år. Dette går på læringsmiljø, læringsresultat og foreldreundersøkingar. Barnevernet vert målt på i kor stor grad ein held tidsfristar og kor mange ulike meldingar ein til ei kvar tid har.

Både barnehage, skule og barnevernet skal leggja fram eigne tilstandsrapportar våren 21. Rapportane vil syna kva kartleggingar som er utførte i 2020 og kva tiltak ein har sett inn for å betra resultata. Årsmeldinga har difor ikkje med desse tala for 2020.

4.1.1.4 Anna

Avslutningsvis kan ein seia at 2020 har vore eit år der det har vore stor utvikling i måten ein samarbeider, lærer og møtest på. Dei planlagde innkjøpa av i-pad til alle elevar frå 1. -5 trinnet klarte sektoren å gjennomføra. At alle elevane i skulen fekk eigen pc eller i-pad førte til at ein betre har klart å halda oppe undervisninga. Skulane har teke i bruk nye digitale verky og undervisningsmåtar. Møte, samarbeid og kompetanseheving har ved hjelp av ny teknologi blitt gjennomført. Det har vore ein bratt læringskurve for både elevar og tilsette. Utan pandemien som tvinga oss til å gjera endringar kunne det teke mange år å gjennomføra denne typen kompetanseheving, i krise-tider er det viktig med god informasjon og teknologien har vore til hjelp for sektorleiinga og einingsleiarane for å kunna ha god informasjon ut til eingane og heimane/brukarane. Den nye teknologien har vore til stor hjelp for å halda oppe kvalitet i drifta i pandemien.

Nokre av barnehagane har også nytta seg av digitale verky i den tida barnehagane var stengde. Borna fekk helsingar og oppgåver heim digitalt. Ellers har barnehagane nytta kanskje meir tid ute i sine grupper og "sitt område". Mange har opplevt dette positivt.

Kulturskulen har også utvida sitt repertoire i høve undervisningsmetodar. Digital undervisning har vore gjennomført der det har vore mogleg i tida då samfunnet var nedstengt.

Det har vore eit stort trykk i kommunen om å halda oppe tenestene og å ta vare på dei barna som av ein eller annan grunn treng mest hjelp og omsorg. Både barnehagar, skular og hjelpetenestene har gjort mykje for å ta vare på alle.

I starten av pandemien var det mykje snakk om "dugnad". Denne dugnaden har for mange bestått av ekstra oppgåver med reinhald, trening i smittevern og digital undervisning/kontakt med heimane. Kreativitet, samarbeid og gode medarbeidrarar har vore suksessfaktorar.

5 Sektor Omsorg, Helse og Sosial

5.1.1.1 Økonomi

Bevilgning

1. Sektor omsorg, helse og sosial

Sektor omsorg, helse og sosial er organisert i 13 einingar og eit sektorkontor. I tillegg til pleie- og omsorgstenestene har sektoren ansvar for koordinerande eining, helsetenester, sosiale tenester, integrering og opplæring, ergo- og fysioterapi, matforsyning og aktivitet, læring og meistring. Tenestomfangen er vidt og spenner over fleire ulike fagområder.

Økonomi

Målet var å halde tildelt budsjettramme for 2020. Diverre vart overforbruket på kr 10.913.875. Dette skuldast i hovudsak utgifter knytt til auka bemanning innafor einingane Helse og Pleie og omsorgstenestene knytt til brukarane sine behov, auka i stillings-prosentar og betre turnusar. Covid 19 kostnadene på kr 8 120 991 utgjer stor deler av overforbruket, samt ein del meirkostnadene for bruk av vikarbyrå.

Institusjonane

Samla sett utgjer overforbruket på institusjonane kr. 8.682.341 Overforbruket har samanheng med auka døgnbemanning for å ivareta brukara med omfattande og krevjande omsorgsbehov, terminalpleie og auka utgifter i høve Covid 19.

Kostra syner at Kvinnherad kommune nyttar ein større del av sine totale midlar til pleie og omsorg enn snitt i fylket og Kostragruppe 8. Sjå tabell

Netto driftsutgifter pleie og omsorg i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter

	2017	2018	2019	2020
Kvinnherad	35,7 %	37,5 %	40,3 %	36,3 %
Mandal (-2019)	30,6 %	31,3 %	31,1 %	
Stord	33,1 %	34,2 %	35,2 %	33,9 %
Voss herad	32,5 %	33,6 %	32,9 %	31,8 %
Vestland	27,9 %	28,1 %	28,7 %	30,8 %
Kostragruppe 08	32,4 %	32,5 %	32,5 %	32,7 %

Fra 2019 til 2020 er netto driftsutgifter pleie og omsorg i prosent av kommunens sine netto driftsutgifter redusert frå 40,3 % til 36,3 %. Dette utgjer ein reduksjon på heile 4 %

Kostra statistikken syner at utgiftene per institusjonsplass har auka med omlag 40 000 per plass i 2020. Ein institusjonsplass i Kvinnherad var i 2020 i overkant av 130 000 høgare enn Kostragruppa 8, som kommunen vert samanlikna med.

Produktivitet - Netto utgift per beboer på sykehjem (B)

	2017	2018	2019	2020
Kvinnherad	1 146 793	1 291 119	1 420 364	1 461 328
Mandal (-2019)	1 197 532	1 183 838	1 270 997	
Stord	1 228 926	1 291 231	1 411 257	1 334 372
Voss herad	891 045			991 094
Vestland	1 102 654	1 197 923	1 266 238	1 141 538
Kostragruppe 08	1 104 144	1 173 084	1 236 425	1 328 656

Deler av årsaka kan vere at brukarane på våre institusjonane i større grad enn snittet i fylket og Kostragruppe 8 har omfattande hjelpebehov. Dette har truleg har samanheng med noko låg dekning av institusjonsplassar i kommunen. Kvinnherad på 15,6 % mot Kostragruppe 8 på 18,9 % som var lågast av dei kommunane vi samanliknar oss med. I tillegg driv kommunen tre institusjonar og misser stordriftsfordelen som andre kommunar har med å samla drifta på ein institusjon. Dei fysiske rammene i institusjonsbygga er lite tilrettelagt for sambruk mellom avdelingane og ressursutnytting på tvers. Ein anna medverkande faktor var bruk av vikarbyrå som er med på å drive kostnadane opp.

Tabellen under syner at brukarane på våre institusjonane i større grad enn for snittet i fylket og Kostragruppe 8 har omfattande hjelpebehov.

Dekningsgrad - Andel brukere i institusjon som har omfattende bistandsbehov:

	2017	2018	2019	2020
Kvinnherad	96,7 %	98,9 %	100,0 %	98,9 %
Mandal (-2019)	96,3 %		95,9 %	
Stord	94,1 %	95,4 %	97,1 %	
Voss herad				90,3 %
Vestland	87,9 %	87,2 %	86,7 %	90,2 %
Kostragruppe 08	89,0 %	88,3 %	91,5 %	88,0 %

Heimetenestene

Overforbruket utgjer totalt kr 4.410.719. Ramma for 2020 var ikkje i samsvar med tildelte tenester og eit BPA tilbod på 600 000 var ikkje komme med. Tildeling av heimetenester er enkeltvedtak etter forvaltningslova og vert gjort ut frå ei individuelle vurdering av den enkelte sitt hjelpebehov.

Tabellen under syner tal timar tildelt i form av enkeltvedtak. Dette utgjer ei auke på 1 205 timar frå 2019 til 2020.

År	Handsama saker	Innvilga	Avslått	Timetal	Auke i timar
2020	1183	1 067	47	30 468 timar	1 205 timar
2019	1284	1 156	42	30 263 timar	930 timar

Kommunen har som målsetting at innbyggjarane skal få bu heime så lenge som råd. Dette har betydning for hjelpebehovet både for heimebuande og når dei får plass på institusjon. Overforbruket i einingane har direkte samanheng med at tenestene har auka i omfang, sjølv om det vert arbeid kontinuerleg med å avgrense tenestetildeling og å dreie tenesta mot hjelp til sjølvhjelp og eigenmeistring. Auka tal vedtakstimar medfører auka bemanning og når budsjettet tar utgangspunkt i eksisterande drift på det tidspunktet det vart laga er det lite rom for meir tenester utan auke i personalressursane i budsjettåret.

Også innanfor heimetenestene har brukarane eit meir omfattande hjelpebehov enn kommunar vi samanliknar oss med. Under ser vi Kostratabell som syner at Kvinnherad kommune sine brukara, både dei over 80 og dei under 66 år har større hjelpebehov enn kommunar i Kostragruppe 8.

Andel heimeteneste mottakere med omfattende bistandsbehov, 80 år og over

Kvinnherad	22,0 %	26,5 %	22,4 %	19,4 %
Mandal (-2019)	17,6 %	15,5 %	19,9 %	
Stord	35,8 %	32,4 %	26,1 %	29,2 %

Kvinnherad	22,0 %	26,5 %	22,4 %	19,4 %
Voss herad				12,5 %
Vestland	19,3 %	20,5 %	20,6 %	16,4 %
Kostragruppe 08	16,1 %	17,1 %	19,0 %	15,9 %

Andel heimebuande med omfattende bistandsbehov, 0-66 år

	2017	2018	2019	2020
Kvinnherad	29,5 %	28,3 %	29,6 %	25,9 %
Mandal (-2019)	14,0 %	12,9 %	10,5 %	
Stord	27,7 %	32,6 %	31,0 %	27,9 %
Voss herad				22,9 %
Vestland	19,6 %	19,0 %	18,5 %	22,0 %
Kostragruppe 08	19,5 %	19,2 %	17,0 %	17,6 %

Helse

Overforbruket utgjer 4.875.761 og skuldast i hovudsak bruk av vikarbyrå for å dekke ledige legestillingar. I tillegg har eininga hatt store kostnadar knytt til Covid 19 som drift av teststasjon, utstyr og forbruksmateriell til denne. Legevakta er ein heilt sentral del av pandemiberedskapen og har sidan mars 2020 hatt utvida nærvær med lege til stades på legevakta med dei kostandane det utgjer.

Kommunen ligg noko under snittet for Kostragr. 8 i legedekning per 10 000 innbyggjarar,

	Kvinnherad 2019	Kvinnherad 2020	Stord	Voss herad	Vestland	Kostragruppe 08
Årsverk av leger pr. 10 000	9,8	9,8	10,0	9,3	9,8	11,6

Sosiale tenester

Rekneskapen syner overforbruk på om lag 1 million. Dette skuldast i hovudsak meirforbuk av utbetalingar til sosialhjelp. Det meste av dette heng saman med at ein sluttar å rekne barnetrygd inn i brukar sitt inntektsgrunnlag. Statistikken under syner ei positiv utvikling av andel mottakara som mottek sosialhjelp og spesielt gledeleg er det i fht. yngre innbyggjarar.

Andel mottakara med sosialhjelp som hovedinntektskjelde

Kvinnherad	33,1 %	34,2 %	35,4 %	32,4 %
Stord	48,4 %	43,5 %	44,1 %	40,7 %
Voss herad	24,9 %	40,5 %	39,9 %	35,3 %
Vestland	38,9 %	42,2 %	43,4 %	38,0 %
Kostragruppe 08	38,8 %	41,8 %	41,0 %	36,0 %
Bømlo	31,6 %	25,6 %	26,9 %	25,8 %

Andel sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggjara i alderen 20-66 år

	2017	2018	2019	2020
Kvinnherad	4,3 %	4,3 %	3,6 %	3,2 %
Stord	4,0 %	3,8 %	3,4 %	2,8 %
Voss herad		3,4 %	3,7 %	3,4 %

	2017	2018	2019	2020
Vestland	4,1 %	4,6 %	4,3 %	3,6 %
Kostragruppe 08	4,1 %	4,3 %	4,3 %	4,0 %
Bømlo	3,3 %	3,0 %	3,0 %	2,6 %

Eining matforsyning hadde eit overskot på 1.2 millionar. Dette har samanheng med inntekter på omlag 2 millionar som tidlegare ikkje var rekneskapsførte. Vedlikehaldsutgifter og tap av kantine - og cateringinntekter ville ellers ha medført driftsmessig underskot.

Eininga Ergo- fysio sitt driftsresultat viser eit overskot på 0.4 millionar. Dette har samanheng med sjukefråværsrefusjon i fht. langtidssjukemeldte og mindre bruk av vikar.

Integrering og opplæring sitt overskot var på 2.3 millionar. Overskotet skuldast færre vaksne flyktninger som førte til mindre introduksjonsstønad og reduksjon i stillingar. I tillegg har refusjon på sjukefråvær vore høgare enn vikarutgiftene.

Aktivitet , læring og meistring sitt overskot på 0,75 millionar. Årsaka til overskotet er mindre bruk av støttekontakttimar grunna Covid 19 og lågt sjukefråvær.

Driftsinntekter.

Totalt hadde sektoren driftsinntekter på 21.844.858 meir enn budsjettet, Hovudårsaka er at sektoren fekk auka budsjettet med 16 millionar ved budsjettrevisjonen.

Refusjon på sjukeløn og fødselspengar var til saman om lag 2,2 millionar meir enn budsjettet.

Kommunen fekk og tilskot frå Statsforvaltaren på 1,3 millionar til å styrke aktivitetar på institusjonane og i heimetenestene. Rus og psykiatri tenesta fekk 2,1 million i tilskot til styrking av tilbodet til vaksne med langvarige og samansette behov ogkommunalt rusarbeid.

Årsmelding 2020 1

Beskrivelse	Regnskap 2020	Reg budsjett 2020	Avvik 2020
Sektor Omsorg, Helse og Sosial			
Lønn og sosiale utg	480 263 318	465 806 173	14 457 145
Kjøp inngår i tj prod	45 026 663	35 762 169	9 264 494
Kjøp erstatter tj prod	33 064 669	12 226 150	20 838 519
Overføringer fra komm	19 649 415	34 998 278	-15 348 863
Finansutgifter	3 665 438	118 000	3 547 438
Salgsinntekter	-28 559 628	-29 032 517	472 889
Refusjoner	-60 595 074	-39 440 273	-21 154 801
Overføringer til komm	-1 714 990	-534 000	-1 180 990
Finansinntekter	-78 956	-97 000	18 044
Sum	490 720 855	479 806 980	10 913 875

netto drift 2020

Beskrivelse	Regnskap 2020	Reg budsjett 2020	Avvik 2020
Sektor Omsorg, Helse og Sosial			
Driftsutg	581 669 503	548 910 770	32 758 733
Driftsinnt	-90 948 648	-69 103 790	-21 844 858

Beskrivelse	Regnskap 2020	Reg budsjett 2020	Avvik 2020
Netto	490 720 855	479 806 980	10 913 875

5.1.1.2 Personal

Sjukefråvær

Målsettinga for sektoren i 2020 var eit sjukefråvær på mindre enn 9,5% mot 10,3% i 2019. Resultatet vart 9,8 % for sektoren samla. Tabellen under syner til dels stor skilnad i fråværet på dei ulike einingane, men i mange einingar er fråværet gått ned. Eininger som har direkte tenesteyting mot pasientar i heildøgnsdrift i institusjon og heimetenester har høgare sjukefråvære enn dei andre einingane. Små einingar med langtidssjukemeldte i høge stillingar får stort utslag på fråværsprosenten. Eininger arbeider kontinuerleg med oppfølgingssamtalar, planar og tilrettelegging av arbeidsoppgåver for høgast mogeleg nærvær.

Sektor Omsorg, Helse og sosial	10,30 %	9,80 %
Aktivitet/ læring / Meistring	5,50 %	2,90 %
Halsnøytunet	8,80 %	8,90 %
Heimetenester Nord	11,60 %	7,40 %
Heimetenester Sør	11,70 %	10,80 %
Bu og hab Nord	14,00 %	11,70 %
Bu og hab Sør	9,70 %	9,50 %
Rosendalstunet	8,80 %	9,20 %
Husnestunet	15,7%	13,5 %
Sosial (NAV)	7,00 %	2,60 %
Matforsyning	3,70 %	12,70 %
Helse	3,40 %	8,90 %
Ergo /fysio	6,90 %	9,60 %
Integrering og opplæring	6,40 %	13,80 %
Rus/Psyk	10,30 %	7,10 %

Årsverk

Det er tilsett musikkterapeut i 100% stilling. Grunna mange brukara med ulike og omfattande hjelpebehov har bemanninga på sjukeheimane blitt styrka i 2020. Ein del av dei tilsette årsverka har og som følge av høgare stillingar deler av stillinga i vikarpool.

Halsnøytunet har overteke heimetenestene på Halsnøy, dette har medført auke i årsverk på Halsnøytunet og reduksjon i heimeteneste Sør. Rosendalstunet har auka med 1.6 årsverk på natt for å sikre forsvarlege tenester i bufellesskapet.

Fleire nye omfattande vedtak innafor Bu og habilitering har medført auke i årsverk. Eininger har redusert med ein einingsleiar i 2020 og 2 av årsverka er i vikarpool.

Tryggleiken til dei tilsette i ein del av einingane medfører og auke i personalressursane .

Auken i tildelte vedtakstimar i 2020 utgjer fleire årsverk enn auka tal årsverk for sektoren i 2020. Dette er eit resultat av ulike effektiviseringsgrep.

Kommuneoverlegen har auka frå 50% til 100% stilling og det er tilsett totalt 200% stilling i testteltet.

Kommunen har mål om at tilsette med meir enn 50% stilling skal ha gjennomført medarbeidarsamtalar årleg. Dette er det dessverre ikkje alle einingar som har fått til og det er ei utfordring for store einingar der mange tilsette går i turnus. Det er svært krevjande for avdelingsleiarne å gjennomføre dette i ein hektisk kvardag med lite administrasjonstid. Dei små einingane med dagdrift klarar å gjennomføre dette årleg.

Vernerundar er gjennomført, men det er ikkje alle stader alle tiltak er fylgt opp. Dette gjeld særskilt ein del kostnadskrevjande tiltak på bygg.

Rekruttering er ei utfordring i dei tradisjonelle pleie- og omsorgstenestene, og særskilt sjukepleiarar og vernepleiarar, medan andre einingar har hatt god tilgang på kvalifisert arbeidskraft.

Det har vore lite tid til å prioritere arbeidet med 10 Factor i 2020. Covid 19 og alt som har følgt med denne har teke mykje fokus og ressursar frå alle tilsette.

5.1.1.3 Resultater

Resultat

Sektorkontoret har i 2020 i samarbeid med konsulentfirmaet PWC utgreidd "kjøkkensaka".

Ei brukar undersøking på institusjonane og heimetenesten var planlagt og klar for gjennomføring, men grunna Covid 19 var det ikkje mulig å gjennomføre den i 2020.

Økonomiplanen skildra auka bruken individuell plan som eit viktig verkemiddel for å sikre betre samordning og koordinering av tenestene. Tal individuelle planar aukar fortløpende og arbeidet vart i 2020 prioritert ved å auke koordinerande eining med 0,50 % stilling.

Kompetanse tiltak

I løpet av 2020 vart sektoren sin strategiske kompetanseplan vedteke. Denne innehold analyse av kompetansebehov, samt strategi og tiltak for planperioden med overordna mål om å sikre tilstrekkeleg og rett kompetanse på alle nivå i leiing og tenesteyting.

KS Læring er teke i bruk som digital opplæringsplattform i tråd med føring i kommunedelplan. Svært mange tilsette har i 2020 gjennomført kurs i smittevern, medikamenthandtering og ernæring.

Følgjande utdanninger var med støtte av Statsforvaltaren undervegs i 2020 og vart avslutta i 2020-2023. Sjukepleie, helsefagarbeidar, helseleiing, organisasjon og leiing, kognitiv terapi, vidareutdanning psykiatri og rus, vernepleie, tverrfagleg psykososial arbeid for barn og unge, akuttmedisinsk sjukepleie, kvardagsrehabilitering, demensomsorg, alderspsykiatri og helsesjukepleie. Ein tok vidareutdanning i andrespråkspedagogikk. Ein lege var i spesialisering og kommuneoverlegen held på med vidareutdanning i samfunnsmedisin.

Fleire tilsette har også dette året teke fagbrev innanfor helsefag som privatistar.

Heiltid - deltid

Det er i 2020 og arbeid med heiltidskultur for å sikre at dei som vil ha større stillingar vert imøtekommne på dette. I hovudsak vert tilsette med høgskulekompetanse og fagarbeidrar prioriterte, men og ufaglærte med lang ansiennitet som er på veg til å ta fagbrev vert imøtekommne. Auke i stilling medfører ytterst sjeldan at tilsette arbeidar meir på helg og konsekvensen blir ofte svakare fagleg dekning på helg

Institusjonane

Beleggprosenten på sjukeheimane var i 2020 i snitt 95% mot 98,5% i 2019. Dette har samanheng med færre korttidsopphald, både for å kunne ta hurtig imot frå sjukehus, samt

noko mindre etterspurnad etter avlastning grunna Covid 19

På Husnestunet er det to akutt plassar, KAD senger. I 2020 var begeggsprosenten 32,60% mot 42,88% i 2019. På grunn av Covid 19 og smitteverntiltak var mellom anna bruk av 2 manns rom i periodar lite brukt og dette påverka resultatet.

Eit godt samarbeid med fysioterapitenesta har gjeve gode resultat innan opptrening og rehabilitering.

Overliggedøgn på sjukehus

Omfanget av utskrivingsklare pasientar som blir liggande på sjukehus i påvente av kommunalt tilbod utgjorde i 2020 kun 12 overliggedøgn mot 112 døgn i 2019. Årsaka er god koordinering mellom kommune og helseføretaka og mindre aktivitet på sjukehusa grunna Covid 19.

Helse

Eininga helse har i 2020 lukkast i å sikre På Rosendal helsesenter, Hatlestrand helsesenter og legevakt er eit nytt journalsystem innført i 2020. 2 nye fastlegar. Kvinnherad kommune tilbyr ordninga med sjølvstendig næringsdrift, men har i 2020 og lagt til rette for fast tilsetting for legar som ynskjer det. Behovet for vikar i fastlegepraksisar og på sjukeheim har vist seg meir krevjande å dekke enn tidlegare.

Husnes helsesenter fekk i 2020 overta lokala til helsestasjonen og det vart gjennomført ei mindre ombygging for å få kontorplass til fleire legar. Laboratoriet vart utvida og det vart laga til rom for overnatting for lege på vakt. På Rosendal- og Hatlestrand helsesenter, samt legevakt vart nytt journalsystem innført i 2020.

Heimetenestene

I løpet av 2020 auka tildelte timer til tenestemottakarar i dei ulike heimetenestene med til saman 1 205 timer. Auken kjem på tross av strenge vurderingar.

Nye kostnadskrevjande tilbod vart iverksette. Brukara under 67 år med omfattande tenestetilbod kjem inn under ordninga ressurskrevjande brukara. Refusjonskrav på 49, 4 millionar er sendt til godkjenning. Dette er ein reduksjon på om lag 4,4 millionar frå 2019, og har samanheng med høgare innslagspunkt for refusjon samt bruk av vikarbyrå i 2019 som gav auka kostnadar og dermed meir i refusjon

Einingane Bu og habilitering har auka drifta på dagsenteret, avlastningstilbod og omsorgstenester i 2020 grunna pandemi/stengte skular og aktivitetstilbod.

Rus og psykiatritenesta har etter modell frå Rask psykisk helsehjelp omorganisert deler av tenesta til lavterksel hjelp utan vedtak. Det har ført til mindre ventetid grunna mindre sakshandsamingstid, raskare hjelp og kortare forløp i tenesta. Målgruppa er mennesker med lettare psykiske plager og/eller rus problem. Svært gode tilbakemeldingar frå tilsette om at dei opplever meir fleksibilitet og auka kapsitet i arbeidsdagen.

Sosiale tenester

NAV-kontoret har både kommunale og statlege målkrav, og det vert i stor grad arbeidd med desse måla i fellesskap. Størst mogeleg overgang til arbeid, rask og korrekt sakshandsaming og god tilgjengelighet til tenestene er viktig mål. Kontoret har veldig gode resultat på dei målkrava staten har sett, og er mellom dei beste i Vestland når det gjeld oppfølging av og kontakt med brukarane.

Ein har etablert mogelegheit for digitale søknader om bistand, slik at det ikkje lenger er naudsynt å fysisk oppsøkja NAV-kontoret, menhar likevel vald å behalda opningstidene som før.

Det er sjeldan saker vert liggjande over fristen på 3 veker. Det har vore lite serviceklager i 2020, medan talet på klager på vedtak er omlag som tidlegare.

Prosjektet med familiekoordinator har vore eit svært vellykka tilbod til familiar med trøng for hjelp på fleire områder. Stillinga som familiekoordinator vart gjort fast frå 2020.

Aktivitet, læring og meistring

Frå sommaren 2020 har det vore tilnærma normal drift, med dei tilpassingar situasjonen krev med omsyn til smittevern. Koronapandemien har truleg vore ekstra utfordrande for personar innan psykisk helse. Det har difor vore gjort kontinuerlege vurderinger med omsyn til smittevern og det å halde tenestene våre opne, noko vi får tilbakemelding frå brukargruppa er svært viktig. Ein ser likevel ein reduksjon i ein del av tenestene som til dømes støttekontakt der mange timer støttekontakt har falle vekk. Det same gjeld i Frisklivssentralen som har måtte tilpasse aktivitetar og kurs.

I tråd med kommunedelplan for omsorg, helse og sosial er arbeidet med å sørge for gode arbeids og aktivitetsvilkår for personar med aktivitetsplikt styrka med 0,6 årsverk i 2020.

Ergo- og fysioterapi

Tenesta har i 2020 prøvd å vri tilboden mot meir førebygging, tidleg innsats og rehabilitering som er blant satsningsområda i kommunedelplan for Omsorg, helse og sosial. Grunna koronaen har vi ikkje lukkast heilt, men vi har etablert treningsgrupper som førebygger eller forseinkar sjukdomsvikling innanfor ulike diagnosar. I styrke og balansegrupper tek vi òg opp tema som tilrettelegging av heimen og fallfarar. Vi har vore involvert i oppretting av bustadgruppe med tanke på tilrettelegging for å bu heime lenger.

Dette året har institusjonane fått meir av ressursane våre enn det heimebuande vaksne og eldre i risikosona har fått grunna Covid 19 og restriksjonar på å ta inn pasientar utanfrå.

Vi har etablert eit Barne- og ungdomsteam som vi ønsker skal få ei tettare tilknytning til Eining for barn- og familie.

Integrering og opplæring

Dei siste åra har Kvinnherad kommune motteke overføringsflyktninger/direkteflyktninger. I 2020 kom det 10 flyktninger til Kvinnherad, dette er familiar med fleire born. Få flyktninger, og av dei mange born, gjer til at tal elevar på vaksenopplæringa er strekt redusert for denne målgruppa.

I tillegg til busetjing og gjennomføring av introduksjonsprogrammet for vaksne flyktninger gav eininga undervisningstilbod til 20 personar som er gifte med norske innbyggjarar, samt arbeidsinnvandrarar.

Det var gjennomført totalt 25 samfunnskunnskapsprøvar/statborgarskapsprøvar og 44 norskprøvar og 4 elevar gjennomførte grunnskulen ved eininga i 2020.

Matforsyning

Målet til eininga er at alle måltida på institusjonane skal vere av høg ernærings messig kvalitet, samstundes som det skal smake og lukte godt. Det har vore gjennomført brukarundersøkelse i 2020 og denne syner at brukerane våre gjennomgåande er svært nøgde med maten dei får.

Samarbeid med frivillig sektor

Samarbeid med frivillig sektor er eit satsingsområde for sektor omsorg, helse og sosial. Mål for samarbeidet er å skape betre tilbod, gode opplevelingar og verdige liv for innbyggjarane. Kommunen fekk i 2020 1,3 million i tilskot frå Statsforvaltaren til å styrke aktivitetar på institusjonane og til heimebuande. På institusjonane er noko av midlane nytta til besøkvertar, medan ein har gått i samarbeid med frivillighetssentralen for å styrke tilboden til heimebuande. Grunna Covid 19 er det lite sektoren ellers har fått gjennomført på dette området i 2020.

Avvik

I økonomiplanen er det fastsett mål om at 100 % av avvik i forhold til vald mot tilsette skal vere

lukka. Av meldte avvik i sektorene var 200 av desse kategorisert som vald og trugslar mot arbeidstakarane. Dette er 7 mindre enn i 2019. Alle avvika er lukka.

Digitalisering

I kommunedelplan Omsorg, helse og sosial er omsorgsteknologi eit satsingsområde. I 2020 inngjekk kommunen ein samarbeidsavtale om deltaking i Vestlandsprosjektet, eit regionalt prosjekt på fagområdet.

Oppgradering av sjukesignalanlegg på Husnestunet og Halsnøytunet og infrastruktur for nettverk og institusjonane vart ferdigstilt i 2020. Det nye sjukesignal-system på sjukeheimane via mobiltelefon er ei stor forbeting i høve tidlegare system.

Ulike velferdsteknologisk utstyr har vore og er under utprøving med mål om å investere i det utstyret som er best eigna for vår kommune. I 2020 er lokaliseringsteknologi i form av GPS (mobil tryggleiksalarm) lektronisk medisineringsstøtte, multidosedispenser prøvd ut. I tillegg er det planlagt uttesting av døralarm, sengealarm og mattealarm framover.

Kommunen har i 2020 leigt 2 stk KOMP som er eit kommunikasjonsverktøy for eldre som manglar digitale kunnskapar. Pårørande kan lett ha kontakt med dei eldre med videosamtalar og framvisning av bilder. Eit enkelt og godt tilbod for å bryta isolasjonen ved korona-nedstenging og redusert tilgang til sjukeheimane for pårørande.

5.1.1.4 Anna

1. Det overordna målet for kommunedelplanen for omsorg, helse og sosial er «gjennom omstilling og prioritering, sikre berekraftige tenester til innbyggjarane».
2. Dette arbeidet er viktig å ha fokus på framover for å sikre ei teneste som er i samsvar med kommande utfordringar.
3. I tillegg til ein grundig gjennomgang av struktur og tenestenivå må ein fortsetje å arbeidet med:
 - Tiltak som fremtar god helse og hindrar utanforskap
 - Sikre tilgang på personell, med rett kompetanse
 - Omstilling mot meir førebygging, tidleg innsats og rehabilitering
 - Ta i bruk teknologi som effektivisera tenesteyting
 - Prioritere utvikling og endringsarbeid.
 -

Som årsmeldinga syner har sektoren tiltak, prosjekt og arbeid innanfor alle områda, men det er ei utfordring å setje av tid og ressursar til fag-, endrings- og utviklingsarbeid i ein hektisk kvardag. Dette er likevel eit arbeid som det er avgjerande å lukkast med om vi skal vere i stand til å møte framtidas utfordringar på ein god måte.

Bu og rehabilitering syner til eit udekka behov for fleire bustader med heildøgnsomsorg og avlastningsplasser for vaksne personar med funksjonsnedsettingar.

Rus og psykiatri har og trong for fleire bustadar med heildøgnsomsorg.

6 Sektor Teknikk og Miljø

Sektoren leverer ei rekke tenester direkte til innbyggjarane. Kvinnherad kommune har fokus på at desse skal ha ein god profil både med omsyn til helse og miljø. Val av løysingar skal tuftast på høg fagleg og kostnadseffektiv kompetanse. I tillegg leverer sektoren interntenester til dei andre sektorane.

Sektor for Teknikk og miljø består av desse einingane:

1. Sektorstab
2. Eining for bygg- og eigedom
3. Eining for prosjektering og utbygging
4. Eining for vavn og avløp
5. Eining for veg og park
6. Eining for brann og redning
7. Eining for reinhald

1. Sektorstab

Sektorstab har ansvaret for heile den kommunale bil- og maskinparken. I tillegg har sektorstab ansvaret for "Booking" av kommunal bygningsmasse. Dagleg drift av den kommunale eigedomsportefølgjen er også lagt her. Det vert også ytt hjel til dei andre einingane i sektoren i høve spørsmål knytt til økonomi og personal.

2. Eining for bygg og eigedom

Bygg og eigedom leverer drift- og vedlikehaldstenester til alle tenesteområder i kommunen. Dette omfattar skulebygg, helsebygg, kulturbrygg, idrettsbygg og administrasjonsbygg. I tillegg kjem drift og forvaltning av utleigebustader og kommunale utleigebrygg.

3. Eining for prosjektering og utbygging

Eininga gjennomfører vedtekne investeringsprosjekt i budsjett- og økonomiplan, innanfor dei fleste ansvarsområda.

4. Eining for vavn og avløp

Eining for vavn og avløp har ansvar for drift og forvaltning innan desse "sjølvkostområda":

- a) Drikkevassforsyning
- b) Avløpshandtering
- c) Renovasjon
- d) Tøming av private slamavskiljarar

Ansvarsområda er underlagt sjølvkostprinsippet, dvs. at alle utgifter, også renter og avdragskostnadar på investert kapital, er finansiert med tilsvarende gebyrinntekter.

5. Eining for veg og park

Eining for Veg og Park utfører drift og vedlikehald på kommunale vegar, fortau, bruer, idrettsanlegg, parkar og friområdet. Eininga driftar også veglys på kommunale og fylkeskommunale vegar. I tillegg er det lokale ansvaret for hamnemynde tillagt eininga, og dei driftar dei kommunale kaiane.

6. Eining for brann og redning

Eining for brann og redning skal levera tenester etter lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff, samt brannvesenets redningsoppgaver.

Eininga har to avdelingar: Operativ avdeling og førebyggande avdeling.

Operativ avdeling er underlagt forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen og er brannvesenets urykkingsstyrke ved brannar og ulykker. Utrykkingsstyrken består av omlag

70 deltidstilsette brannkonstablar og uthyrkingsleiarar fordelt på 8 brannstasjonar i kommunen. I 2020 hadde avdelinga 166 uthyrkningar.

Førebyggande avdeling er underlagt forskrift om brannførebygging og har som hovudoppgåve å hindra at brannar oppstår. Dette skjer ved hjelp av tilsyn i særskilte brannobjekt, øvingar og foredrag, kartlegging og oppfølging av risikogrupper, oppfølging av bekymringsmeldingar. Avdelinga består av avdelingsleiar, branninspektør og 2 feiarar.

Leiinga består av brannsjef, leiar av operativ avdeling, leiar av førebyggande avdeling.

7. Eining for reinhald

Eininga har ansvar for reinhald på nesten alle kommunale bygg. Tenestene skal bidra til eit godt inneklima som skapar trivsel for brukarane, besøkjande og tilsette. Alle innandørs areal skal ha eit forsvarleg og hygienisk tilfredstilande reinhald. Reinhald er utført etter gjeldande reinhaldsplanar.



Reinhaldsoperatørar ved Husnestunet

6.1.1.1 Økonomi

Driftsresultat:

Rekneskapen viser eit positivt resultat på 6,4 MNOK. Dette er feil, fordi 5,6 MNOK i statlege sysselsettingsmidlar vart lagt inn i revidert budsjett. Midlane blir brukt til mindre investeringssprosjekt innan veg og bygg, som skal finansierast med nettopp desse midlane, som i første omgang vert sett av på fond. Resultater er derfor 0,8 MNOK, dette til tross for at sektoren ikkje er tilført statlege refusjonar i høve "Covid 19", i hovudsak auka personalkostnadar og innkjøp relatert til reinhald. Men det skal og nemnast at sektoren har hatt innsparinger gruna redusert bruk av bilparken under pandemien.

Eininga for bygg og eigedom fekk redusert straumbudsjettet med 2,5 MNOK i revidert budsjett sommaren 2020.

3 av einingane skil seg økonomisk ut:

- Eining for vatn og avløp: Sjølvkostområde, All drift og rente- og avdragskostnadar på investert kapital vert 100 % finansiert av gebyrinntekter.
- Eininga for prosjektering og utbygging får alle driftskostnadar (i hovudsak løn) refundert frå investeringsbudsjettet.
- Eining for brann og redning har eit ansarsområdet (feiing) som er sjølvkost-område. Alle driftsutgifter knytt til kommunal feiing skal finansierast av gebyrinntekter.

Utfordringar:

- Årsaka til eit positivt driftsresultat er at mange av einingane har "gått på sparebluss". I motsetning til dei andre sektorane, har vi ein langt lågare del av budsjettet knytt til lønnsutgifter. Dette gjer det mulig å spara kostnadar, men "ein slik dugnad" bør ikkje vera langvarig, då dette er ein lite bærekraftig utvikling.
- Sektoren sitt 2021 driftsbudsjett er heile 15,3 % lågare enn 2020 budsjettet. Dette er dramatisk.
- Forsterkande tilhøve:
 - Talet på driftsobjekt innan fleire fagområder aukar (vegar, parkar, kaiar, idrettsanlegg, byggefelt, formålsbygg m.m.).
 - Klimakrisa påfører ekstra kostnadar (skred, flaum, brann, ulukker m.m.).
- "Smarte investeringar" kan bidra til redusert drift (EL bil, ENØK, jordvarme m.m.).
- Evt. stukturendringar vil heilt klart redusera driftskostnadane til energi, mindre reinhald og tilsyn m.m. Færre og større bygg gjev langt meir effektiv og optimal drift, og vil i tillegg redusera etterslepet på nødvendig vedlikehald.

Investeringsbudsjett 2020:

Budsjett: 375,7 MNOK

Rekneskap: 177,5 MNOK

Unytta midlar blir i hovedsak overført til neste års investeringsbudsjett.

Sjølvkostfond per 31.12.2020:

Drikkevatn: 3,1 MNOK

Avløp: 7,7 MNOK

Feiing: 0,76 MNOK

Årsmelding 2020 1

Beskrivelse	Regnskap 2020	Reg budsjett 2020	Avvik 2020
Sektor Teknikk og Miljø			
Lønn og sosiale utg	69 360 782	67 934 428	1 426 354
Kjøp inngår i tj prod	61 870 771	65 686 570	-3 815 799
Kjøp erstatter tj prod	19 596 198	2 800 186	16 796 012
Overføringer fra komm	10 431 239	12 939 713	-2 508 474
Finansutgifter	2 327 415	20 856 000	-18 528 585
Salgsinntekter	-67 723 969	-67 849 036	125 067
Refusjoner	-9 700 588	-8 984 721	-715 867
Overføringer til komm	-1 750 924	-575 000	-1 175 924
Finansinntekter	-1 573 943	-3 514 534	1 940 591
Sum	82 836 981	89 293 606	-6 456 625
netto drift 2020			
Beskrivelse	Regnskap 2020	Reg budsjett 2020	Avvik 2020
Sektor Teknikk og Miljø			
Driftsutg	163 586 405	170 216 897	-6 630 492
Driftsinnt	-80 749 424	-80 923 291	173 867
Netto	82 836 981	89 293 606	-6 456 625

6.1.1.2 Personal

Årsverk:

Tal på årsverk i sektoren var i 2020 92,4 mot 90,6 året før. Auken skuldast i hovedsak tilsetting av 2 feierar (tidlegare innleigd teneste) og styrking av reinhaldstenesta, grunna "Covid19".

Sjukefråvær:

Sjukefråværet var i 2020 9,3 % mot 7,2 % året før. Årsaken til auka sjukefråværet er både Covid 19 og ein del langtidssjukemeldte. Eining for reinhald starta hausten 2020 eit prosjekt saman med tillitvalte , verneombod og Lønn og personal. Målet for prosjektet er å prøve å få ned sjuke fråværet innan eininga. Arbeidet held fram i 2021.

Rekruttering:

Det er blitt ei utfordring at fleire driftsoperatørar sluttar og søker seg over til det private, dette i høve lønnsnivå. For fleire einingar gjeld at bemanninga er for knapp. Dette fører til høgt arbeidspress.

Medarbeidarsamtalar:

Det er gjennomført medarbeidar/utviklingssamtalar med omlag 50 % av dei tilsette. Målsettinga er 100 %. Årsak til avvik er ovegang til ny einingsleiar i nokre av einingane og ekstraarbeid knytt til pandemien (særleg innan reinhald).

Vernerundar:

Det vert gjennomført vernerundar ein gang i året i dei ulike einingane.

I utbyggingsprosjekta har ein vernerundar fast kvar 14 dag på byggjepllass i forkant av byggjemøte.

Sikkerheit, helse og arbeidsmiljø:

Sikkerheit, helse og arbeidsmiljø (SHA) har høg fokus. Ein del av dette arbeidet er gjennomføring av "Sikker jobbanalyse" (SJA). I tillegg er det høg fokus på levering av tenester til brukarane, fokus på sikkerheit, helse og kvalitet.

Personvern:

Fleire av dei større utbyggingsprosjekta våre har fått stor mediamerksemde, der einsidig og ofte feil informasjon omtalar våre tilsette i svært negative ordlag. Dette er blitt eit stort problem som går ut over trivsel og motivasjon.

"COVID19":

Pandemien har prega året 2020. Sektoren har fleire einingar med samfunnskritisk personell.

6.1.1.3 Resultater

1. Sektor stab

Sektor stab har kjøpt følgjande bilar / maskinar i 2020;

- 3 Elbilar
- 5 varebilar
- 2 personbilar
- 1 Kostebil
- 1 Minibuss

Pr. desember 2020 har vi følgjande bilpark;

- Elbil 15 stk
- Varebil 57 stk
- Personbil 63 stk
- Traktor 6 stk
- Lastebil, motorredskap 19 stk
- Minibuss 2 stk
- Pickup 4 stk
- I tillegg har vi ein del tilhengerere som er plassert ute i einingane.

Det har vore registrert 18 skadar på maskinar / bilar i 2020

Sektor stab har ansvar for 12 EL-syklar som tilsette har høve til å låna. Vi fekk desse januar 2020. Tilboden har vore populært, dei har vore utlånt nesten heile tida frå januar fram til oktober, etter oktober har det vore lite utlån. Dette skuldast nok årstida, etterspørseren vil truleg vere lågare i vinterhalvåret.

2. Eining for bygg og eigedom

Generelt: Også året 2020 har vore prega av store reparasjonskostnader på bl.a. tekniske anlegg, dette grunna utdaterte anlegg som har overstege sin forventa levetid med 10 - 20 år. I tillegg har det vore prioritert førebyggjande vedlikehaldstiltak på den kommunale bygningsmassen. Det har også vore prioritert standardheving av kommunale utleigebustader. Totalt ligg vi også i 2020 på ca 6.000 oppdrag bestilt av einingane og faste aktivitetar.

Tilstandskartlegging: Det vart gjennomført tilstandsarkartlegging av alle skular og barnehagar i kommunen som ein del av Vedlikehaldsplan 2019 - 2023. Samla areal på dette utgjør 38 336 m² av bygningsmassen. Dette arbeidet inngår også som dokumentasjon i skulebruksplan.

Leige til eige: Det er videreført ordninga med "Leige til eige modell" på kjøp av kommunale

bustader. Det er teikna 3 kontraktar i 2020, som er ein nedgang på 7 avtaler sammenlikna med 2019.

Vernerunder og tilsyn: Det er utfordrende å lukke alle avvik frå vernerundar og tilsyn, innanfor dei rammene som ligg i driftsbudsjettet. Det er heile tida ei prioritering opp mot kva tiltak som er naudsynt med tanke på liv og helse til brukarene av dei kommunale bygga.

OVERSIKT AREAL OG ÅRSVERK

Byggruppe	Brutto m ²	Årsverk	Areal m ² pr. årsverk
131 Administarasjon	8 971	1	8971
131 Teknisk	984	0,2	4920
222 Barnehagar	4 650	1	4650
223 Skule	29 471	3	9824
223 Ungdomsskular	11 722	2	5861
262 Helsebygg	26 035	3	8678
382 Idrettsbygningar	2 926	0,5	5852
387 Kulturbygningar	7 464	0,5	14928
2611 HVPU senter	3 490	0,5	6980
Brannstasjonar	1 123	0,2	5615
Utleigebygningar	1 231	0,2	6155
Øvrige bygningar	1 168	0,5	2336
	99 235	12,6	7876

Totalt brutto areal er 112000 m², dette tallet inkl. kommunale bustader.

3. Eining for prosjektering og utbygging

Eininga arbeider kontinuerlig med å få til betre samsvar mellom politiske vedtak i budsjett/økonomiplan og faktisk framdrift. Det er viktig at budsjett/økonomiplan er realistisk (som bl.a. vil resultera i rette låneopptak) og at ein har tilstrekkeleg og rett bemanning til å gjennomføra i tråd med vedtekne investeringsprosjekt.

Det er arbeidd med nye felles digitale system for prosjektgjennomføring. Desse skal bl.a. bidra til auka produksjon, redusert kostnadsnivå og miljørette løysingar som bidrar til reduksjon av framtidige drifts- og vedlikehaldsutgifter.

Sjå prosjektorversikt lenger nede. For detaljert oversikt vert det vist til eigen note/vedlegg.

4. Eining for vatn og avløp



Renovering av VA-leidningar i Kolavegen

Tekniske nøkkeltal:

- 9 kommunale vassverk, 5.622 abonnentar, noko som er ein auke på 76 stk. i 2020. Av desse er 34,7% registrert med vassmålar, noko som er ein auke på nesten 5% frå 2019.
- Det vart i 2020 tatt 850 vassprøvar for å sikra vasskvaliteten. Flesteparten analysert på eige laboratorium, heile året utan funn av bakteriar/virus.
- 23 kommunale avløpssoner, 4.599 abonnentar, ein auke på 57 stk. i 2020. Av desse er 34% registrert med vassmålar.
- 45 overbygde pumpestasjonar, 3 silanlegg og 21 slamavskiljarar.
- Overvaking/fjernstyring av alle VA anlegg (PC / nettrett). Vi overvaker 960 komponentar. Kvar av desse overvakast på fleire punkt som temp./ ampere/ mengder/ driftstid/ start/ stopp/ andre parametrar
- 378 km med kommunale VA leidningar
- 16 tilsette, Heilkontinuerleg/dobbel vaktordning, eigen maskinpark.
- I 2020 var det 2 prosjekter som var aktive, eit på vatn og eit på avløp.
- VA er i gang med ein større renoveringsjobb på Husnes, med utskifting av eldre leidningsnett. Nye leidningar vert etablert i veg, og eldre leidningsnett som ligg delvis inne på eigedomane vert kopla ut.
- Eininga starta nytt digitaliseringprosjekt på slutten av 2020, med ferdigstilling i fyrste kvartal 2021. Dette vil digitalisera kommunikasjon mot det profesjonelle markedet og tiltakshavar vedr. søknadar og løyper.

5. Eining for veg og park



Haukanesvegen

Eininga driftar ;

- 175 km kommunale vegar
- 22 km kommunale fortau
- 10 kommunale kaiar
- 40 kommunale bruar
- Kommunale fotball og idrettsbanar
- Kommunale parkar og friområde
- Drift av vegljos på kommunale og fylkeskommunale vegar

I tillegg er ei rekke forvaltningsoppgåver lagt til eininga.

Utfordringane for Veg og park er i stor grad knytt til lite budsjett midlar. Budsjettet er så lågt at ein toler ikkje større skadar /øydleggingar på den kommunale vegen. Ein har og utfordringar knytt til straumforbruk og vintervedlikehald, då desse vert styrt av ytre forhold.

Det hadde vore ønskjeleg å auka bemanninga opp att til 6 årsverk, for å klara å gjennomføra dei oppgåvene eininga er sett til å gjera.

Det er stort ønskje for eininga å kunna utføra meir arbeid i eigen regi, og dermed bli meir sjølvstendig i samband med mindre prosjekt og reparasjonar på eigne anlegg.


Arbeidsleiar har i 2020 vore mykje oppteken med å hjelpe prosjektavdelinga innanfor oppgåver med vegar.

Eininga har i 2020 kjøpt kostebil for å halde vegar og plassar i orden. Dette sparar oss for utgifter når sandfangkummane ikkje blir fyllt opp så ofte, og behov for tømming blir redusert.



6. Eining for brann og redning

Eininga har levert gode resultat på både førebyggande og operativ avdeling. Ingen vart skada til tross for nokon fleire oppdrag i 2020 enn i 2019.



I løpet av 2020 vart det tilsett ein ny feiar slik at vi no har to kommunalt tilsette feiarar. Dei har starta arbeidet med kartlegging av behovet for feiing og bustadtilsyn i kommunen. Førebyggande avdeling har gått til anskaffing av fagsystemet Cubit som gjer det enklare å registrera utført førebyggande arbeid.



Bustadbrann på Husnes

7. Eining for reinhald

Reinhald fekk i 2020 mykje ekstra arbeid grunna Covid 19, noko som gav eit stort avvik på lønnsutgifter. Grunna Covid 19 pandemien måtte Eining for reinhald auka frekvensar for reinhaldet og dei fekk ansvar for fleire driftsobjekt, i tillegg til at dei måtte utføra reinhald i helgar. Dette førte til noko meir bruk av overtid og mykje bruk av vikarar.

Covid 19 har også medført høgt forbruk av papir, såpe, desinfeksjon og eingongshanskar.

Etterspørselet hos våre leverandørar har vore svært høg på desinfeksjon og eingongshanskar, noko som har ført til at prisen er gått kraftig opp. Alle desse punkta har ført til at driftsbudsjettet har eit stort avvik i 2020.

Investeringar:

VATN	Ramme:	Fase:	Prosjekterande:	Utførande:	Enterprise:
5017 TILTAK SVARTAVATNET HUSNES	kr 19 243 000,00	Utførelse	AsplanViak	Norwegian Pipeline Drilling	Totalenterprise
Omfattar å sikre nok drikkevann til Husnes Vassverk sitt forsyningssområde gjennom nytt borehole til Svartavatnet.					
5022 TILTAK NEDSLAGSFELT VARALDSØY	kr 5 500 000,00	Prosjektering	Norconsult	Ikkje avklart ennå	Ikkje avklart ennå
Auke drikkevassforsyninga, ferdig prosjektert.					
5023 TILTAK NEDSLAGSFELT HERGYSUND	kr 1 697 000,00	Prosjektering	Norconsult	Ikkje avklart ennå	Ikkje avklart ennå
Auke drikkevassforsyninga. Vurderar ulike alternativ.					
5024 AUKA KAPASITET HUSNES VBA (Sandvoll vassv.)	kr 8 339 000,00	Ferdig	AsplanViak	Kvinnherad Bygg/Aqua	Generalenterprise
Nytt vassverk på Sandvoll. Det er bora nye brønner som pumper vann fra Handeland selva og opp til Sandvoll vassverk.					
5025 OVERFØRINGSSLEIDNING SANDVOLL-VALEN	kr 5 748 000,00	Prosjektering	AsplanViak	Ikkje avklart ennå	Generalenterprise
Prosjektet omfattar å etablere ein ny sjøledning frå Valen til Sandvoll. Dette for å oppnå ein sikrare vassforsyning gjennom at ein kan ringkjøre drikkevann i dei ulike forsyningssområda. Kartlegging av grunnforhold er utført og ein arbeider vidare med endleg traseevel.					
5038 SJØLEDNING LANDA SYD	kr 8 900 000,00	Prosjektering	AsplanViak	Ikkje avklart ennå	Ikkje avklart enno
Oppstart prosjektering des. 2020.					
5033 UTSK.ETERNITT HUSNES VBA	kr 13 087 759,00	Ferdig	AsplanViak	Brødrene Musland maskin	Generalenterprise
Kvinnherad kommune skal legga ned ny vassleidning til Husnes VBA, samt opparbeide ny innkjørsel frå Fv 48 og ny veg inn til vassverket. Hydro Husnes legg ned ein ny vassleidning i same grøft som Kvinnherad kommune.					
5035 UTVIDIING HUSNES VBA	kr 4 000 000,00	Ferdig	AsplanViak	Brødrene Musland maskin	Generalenterprise
Etablering av meir lagerplass og uteområde til Eining for vatn og avløp på Husnes. Prosjektet vert kjørt parallelt med prosjektet utskifting av					
AVLØP	Ramme:	Fase:	Prosjekterande:	Utførande:	Enterprise:
5115 AVLØPSSANNERING RØSSLAND-KALDESTAD	kr 8 662 000,00	Tilbod	Norconsult	Brødrene Musland Maskin AS	Generalenterprise
Prosjektet delt i 2 kontraktar. Kontrakt 1: Slamavskellar med tilhøyrande infrastruktur på Kaldestad / Prestnes. Kontrakt 2 :Slamavskellar med tilhøyrande infrastruktur på Røsslund.					
5117 AVLØPSSANERING VALEVÅGEN	kr 13 800 000,00	Utførelse	Norconsult	Brødrene Musland maskin	Generalenterprise
Tiltaket omfattar avløpssanering nord og sør i Valevågen. Fjerner ei rekke private utslepp og koble desse på det kommunale reinseanleget.					
18 / 51 AVLØPSTILTAK ÆNES	kr 6 611 000,00	Prosjektering	Cowi	Ikkje avklart ennå	Generalenterprise
Tiltaket omfattar avløpssanering, felles kontrakt med 5119 Løfallstall Slamavskellar.					
5119 SLAMAVSKILLAR LØFALLSTRAND	kr 3 386 000,00	Prosjektering	Cowi	Ikkje avklart ennå	Generalenterprise
Tiltaket omfattar avløpssanering, felles prosjekt med Ænes 5118					
5134 SLAMAVSKILLAR RUDLEN SANDVOLL	kr 8 000 000,00	Prosjektering	COWI	Ikkje avklart ennå	Generalenterprise
Tiltaket omfattar avløpssanering.					
5135 SLAMAVSKILLAR HEIO ERSLAND	kr 5 779 000,00	Prosjektering	COWI	Ikkje avklart ennå	Ikkje avklart ennå
Tiltaket omfattar avløpssanering. Avventar avklaing vedrørande vegrett gjennom Hansalia hyttefelt.					
5143 SLAMAVSKILLAR HEIO SÆBØVIK	kr 3 800 000,00	Prosjektering	Norconsult	Ikkje avklart ennå	Ikkje avklart ennå
Tiltaket omfattar avløpssanering. Det er kulturminne i område som må sjekkast ut.					
VEG/PARK/IDRETT	Ramme:	Fase:	Prosjekterande:	Utførande:	Enterprise:
1110 TRAFIKKSIKRING OMVIKDALEN BHAGE	kr 2 500 000,00	Ferdig	Cowi	Dimmelsvik Entreprenør	Utførelsesenterprise
Utviding av parkeringsplass med 23 stk parkeringsplassar, samt etablering av trygg passasje for mykte trafikkantar til/frå parkeringsplassen. Nytt vognskjul til barnehagen, ny inngjerding og flytting av leikeapparat. Delfinansiert med Kr 1 mill P 5023 ombygging av kommunale bygg til opparbeidning av uteområde, leikeapparat og vognskjul m.m..					
1130 TRAFIKKSIKRING SUNDE SKULE	kr 1 200 000,00	Ferdig	Kvinnherad kommune	Dimmelsvik Entreprenør	Totalenterprise
Utviding av parkeringsplass med 33 stk parkeringsplassar, samt etablering av trygg passasje for mykte trafikkantar til/frå parkeringsplassen. I tillegg har ein satt opp eit sykkelkur. Området er asfaltert med oppmerking og det er opparbeida nytt fortau.					
2085 UTVIDIING EID KYRKJEGARD	kr 2 000 000,00	Kontrahering	Cowi		Totalenterprise
Tilrettelegging for fleire kistegaver. Gjeld terrengheving og noko murarbeid innanfor eksisterande kyrkjegard.					
5451 KAI BØRNESSET	kr 4 492 000,00	Prosjektering		Ikkje avklart ennå	Ikkje avklart ennå
Kommunal del av kai i svært dårlig stand. Skissesøknad om tilskot er sendt Landbruksdirektoratet i lag med Søre Kvinnherad skogfeigjarlag. Det er søkt om tilskot på kr 7 860 000,- til forsterkning av og utdypning av kai. Totalt er tiltaket estimert å koste kr 9 825 000,-. Fullstendig søknad på tiltaket med forslag til bruksrettattale mellom Søre Kvinnherad skogfeigjarlag og Kvinnherad kommune er no sendt inn til Landbruksdirektoratet for endeleg godkjenning.					
5471 AVKJØRSEL SÆBØVIK	kr 500 000,00	Prosjektering		Ikkje avklart ennå	Ikkje avklart ennå
Ein treng ein beslutninga om geotekniske prosjekteringsklasser før ein kan starte planlegging av ny avkjørsle. Ut frå nærliggjande rapport vil vi nok måtta ha utvida prosjektering/grunnundersøking dersom ikkje nokon påtek seg ansvarret og klassar dette ned. Totfibrekkja har avklart planstatus og det må avklara om tiltaket skal prosjekterast opp mot tidlegare reguleringsplan. Siktson om Sæbøvik sentrum og grunneverver er andre moment som må utgreia. Grunnundersøking er utført og viser grove massar av sand og stein. Det er per dialog med fylkeskommune angående felles tiltak (tidlegare planlagt at fylke skal laga busstopp i same område).					
5475 KOLLEKTIVKNUTEPUNKT HUSNES	kr 5 638 490,00	Prosjektering	Asplan Viak	Ikkje avklart ennå	Ikkje avklart ennå
Skisser til utforming av sjølv kollektivknutepunktet er utarbeida, og godtatt av Skys. Ny sentrumsvøg og byggeplanar for denne vil avgjere endeleg utforming og plassering. Det er også stor sannsynlighet for at desse tiltaka vil utløyse nokre endringar på eksisterande reguleringsplan for området, då veg i reguleringsplan er smalare enn vegnorm. Det er søkt oppstart endring av reguleringsplan.					
2086 TILKOMSTVEG IDRETTSHALL	kr 26 000 000,00	Utførelse	Cowi	Hordaland Entreprenør	Generalenterprise
Ny tilkomstveg til idrettshall med tilhøyrande infrastruktur.					
5482 VEG NYTT BUSTADOMRÅDE HUSNES	kr 28 500 000,00	Tilbod	Asplan Viak	Ikkje avklart ennå	Ikkje avklart ennå
Ny tilkomstveg til bustadområde i Husnes sentrum.					
5757 ERSLANDSPARKEN	kr 6 369 800,00	Prosjektering	Kvinnherad kommune	Ikkje avklart ennå	Ikkje avklart ennå
Privat/kommunalt samarbeid mellom Kvinnherad kommune og Ternen IL. Etablering av ny kunstgrasbane, rulleskåløype og klatrepark ved Skarveland skule. Tiltaket krever ny reguleringsplan, dette arbeidet er ferdig og planen vart vedtatt i kommunestyret 26 november. Søknad på rammeløye blir sendt ut så snart ein har fått nokre avklaringar frå Ternen II.					
5739 ROSENDAL FRIDIETTSANLEGG	kr 13 500 000,00	Utførelse	Norconsult	Dimmelsvik entreprenør AS	Generalenterprise
Etablering av 6x400m rundbanar og 8x100m (130m lang) løpebane rundt grasbanen i Rosendal. Kunstdekket skal tilfredsstilla europeisk standard og leggjast med sjølvdrrens over ein drenasfaslt. Det har vore eit avvik under legging av drenasfaslt på banen og ferdigstilling ha difor blitt forseinka. Grunna temperaturkrav til legging av friidrettsdekket vil ikkje banen bli ferdigstilt før til våren 2021.					

7 Sektor Samfunnsutvikling

7.1.1.1 Økonomi

Sektoren har i sum halde budsjettramma og årsoppgjeret viser eit ørlite underforbruk. Lønsutgiftene samsvarar godt med budsjettet.

Koronasituasjonen har særleg prega drifta ved Kvinnherad kultursenter der mange arrangement, aktivitetar og kinoførestillingar vart kansellert. Grunna direkte kommunalt eigarskap kjem ikkje kino og kulturhus inn under statlege kompensasjonsordningar. Sjølv om Husnes kino gikk med nær ein halv mill. kr. i tap, gjekk kultursenteret samla sett berre 0,2 mill.kr. i underskot.

Kvinnherad bibliotek hadde eit overforbruk på vel 0,3 mill.kr. grunna innkjøp av utlånsmateriell og ein liten svikt i forventa refusjonar.

Mykje av sektoren sitt utviklingsarbeid er tiltaks- og prosjektretta; det gjeld særleg næringsutvikling, kulturadministrasjon, frivilligentral, folkehelse og planlegging. Det gjer at rekneskapen vert prega av svingande refusjonar, overføringer og finansinntekter/-utgifter. Dette skuldast at inntekter ved tiltak/prosjekt vert ført på ein art og gjerne utgiftsført på ein heilt annan. Om ein stiller opp rekneskapen sortert på fagområde eller prosjekt balanserer det likevel bra på botnlina.

I sjølvkostområda har gebyrinngangen på byggesak og forureiningssaker vore om lag som budsjettet, medan oppmålingsforretning, eigarseksjonering og plansaksbehandling har gått med markerte underskot.

Sektoren vart oppretta halvvegs i rekneskapsåret. Ikkje alle tilpassingar som følgje av at fagområde vart flytta eller endra var på plass til årsoppgjeret, men sektorleiinga har hatt fokus på dette og det har vore god kontroll på økonomien gjennom året.

Årsmelding 2020 1

Beskrivelse	Regnskap 2020	Reg budsjett 2020	Avvik 2020
Sektor samfunnsutvikling			
Lønn og sosiale utg	29 167 433	29 358 342	-190 909
Kjøp inngår i tj prod	8 570 371	7 497 436	1 072 935
Kjøp erstatter tj prod	7 531 144	8 775 749	-1 244 605
Overføringer fra komm	8 737 328	8 239 971	497 357
Finansutgifter	4 715 357	138 957	4 576 400
Salgsinntekter	-7 169 941	-10 682 970	3 513 029
Refusjoner	-8 139 471	-1 905 073	-6 234 398
Overføringer til komm	-3 084 825	-1 347 642	-1 737 183
Finansinntekter	-1 484 395	-250 000	-1 234 395
Sum	38 843 001	39 824 770	-981 769

netto drift 2020

Beskrivelse	Regnskap 2020	Reg budsjett 2020	Avvik 2020
Sektor samfunnsutvikling			
Driftsutg	58 721 633	54 010 455	4 711 178

Beskrivelse	Regnskap 2020	Reg budsjett 2020	Avvik 2020
Driftsinnt	-19 878 632	-14 185 685	-5 692 947
Netto	38 843 001	39 824 770	-981 769

7.1.1.2 Personal

Sektoren vart skipa 1. juli 2020 og er sett saman av fem avdelingar og ein sektorstab. Ved utgangen av året var det til saman 44 fast tilsette. I tillegg kjem to mellombelse tilsette i prosjektstillingar og to veterinarar i vaktordning. 33 tilsette arbeidde fulltid, resten i stillingsbrøkar mellom 20 og 90 %. Til saman 39,5 årsverk låg til sektoren ved utløpet av 2020.

Samla sjukefråver for året var 4,5 %. Grunna relativt få tilsette kan sjukefråveret svinge med fleire prosentpoeng frå den eine perioden til den neste; eit langtidsfråver hos ein eller to tilsette får stor påverknad på statistikken.

Det er gjennomført vernerundar på alle lokasjonar unntake turistinformasjon og biblioteket. Som følgje av omorganiseringa har fleire medarbeidarsamtalar blitt utsett til primo 2021.

Sektoren har stor fagleg spreieing og yter tenester innan meir enn 30 fagområde. Med få tilsette blir ein da sårbar ved naturleg avgang og langtidsfråver. Dette gjeld særleg spesialiserte oppgåver og leiarfunksjonar. Det vert arbeidd for å bøte på dette. Variasjonen i fag og oppgåver er også ei utfordring mot. treparts-samarbeidet i sektoren, noko som også får fokus frametter.

7.1.1.3 Resultater

Kulturadministrasjon

Kulturadministrasjonen har ansvar for dei tre kommunale musea, av desse er det berre Skipsbyggjarmuseet med Skaalurensamlinga som held opent for publikum i sommarsesongen. Lag og organisasjoner har stort engasjement og kontaktar ofte kulturkontoret om råd og rettleiing knytt til både finansiering og utvikling av anlegg. Arbeidet med realisering av Kvinnherad arena har eit større omfang.

Kulturstipendet blei delt ut til Njål Thunold Hatteberg som ønskjer å starte ein treverkstad i heimbygda, Rosendal. Kulturprisen for 2020 vart tildelt musikar og musikkklærar Mauricio Weimar for stort og godt arbeid med å spreie læringsglede hjå unge musikkinteresserte. Arbeidet med kulturminneplan er godt i gang og er forventa avslutta i 2021.

Det vart gjennomført 11 hendingar i kommunal regi i den kulturelle skulesekken med 183 elevar. I tillegg kjem tilbod som kommunen abонnerer på via Vestland fylkeskommune. Det vart gjennomført 3 hendingar i kommunal regi i den kulturelle spaserstokken.

Av nye prosjekt og utviklingsarbeid må nemnast *Dagsturhytta*, og av utviklingsarbeid *Friluftslivet sine ferdselsårer*. Eit stort løft vart også gjennomført då Sektor teknikk og miljø vøla Prestanaustet.

Anna:

- Spelemidlar til idrettsanlegg i kommunen: kr. 2 724 000,-.
- Tildelte kommunale kulturtildelte: kr. 3 891 525,-.
- Investeringar til offentleg – privat samarbeid: kr. 694 000,-
- Tildelte kulturelle skulesekken: kr. 259 000,-
- Tildelte kulturelle spaserstokken: kr. 0,-

Frivilligsentralen

Det er omfattande tilbod i Frivilligsentralen, men grunna Covid 19 har aktivitetar som seniortrim, småbarnstreff, kulturkafe, turgruppe, bingo, gledesspredrarar og seniorgruppa hatt

varierande gjennomføring i løpet av året. Aktivitetar som vart stansa grunna pandemien er snakkekafe, fritidsmessa, frivilligsamling, søndagsmiddag for eldre på frivilligsentralen, klesbyttedag og ulike samlingar og kurs. Som følgje av den ekstraordinære situasjonen er det gitt tilbod til private som handlehjelp, køyring til tenester, telefonvenn, opplæring i digitale flater og nokon å snakke med. Ulike «koronavenlege» aktivitetar har blitt gjennomført, som td. konkurransar, naturstiar og teikningar til sjukeheimane. Frivilligsentralen har også bidrige til kommunale tenester med transport av smittevernustyr til skulane og koordinering av besøksteneste til Husnestunet.

Koronakrisa har både ført til fleire frivillige som vil hjelpe til, delvis som følgje av lediggang grunna permitteringar, men ein merkar også ei viss vegring mot oppgåver som gir publikumskontakt og potensiell smitefare.

Utlånssentralen Bua var stengt i ein periode grunna Covid 19, etter opning har det vore auke i lån og nye brukarar frå heile kommunen. Auka bruk og meir utstyr til utlån gir eit stort behov for nye frivillige til å drive denne tenesta.

Aktivitetskalendaren Friskus vart lansert i 2020 (kvinnherad.friskus.com). Det har lenge vore eit ynskje frå både lag og organisasjonar, samt innbyggjarar å få ei samla oversikt over kva som skjer og kva som finst av tilbod i kommunen vår. Friskus er eit aktivitets- og frivilligheitsverktøy, og målet er å nå ut til flest mogleg, slik at alle som ynskjer det kan vera aktive og ta del i det som skjer i Kvinnherad.

Frivilligprisen for 2020 vart tildelt ekteparet Kristin Lamberg og Trygve Torjussen for det arbeidet dei i fleire år har lagt ned for Rosendal Samfunnshus. Grunna pandemien vert fest og høgtidleg overrekking utsett til 2021.


Frivilligsentralen held mellombels til i Kvinnherad kultursenter grunna ombygging av Husnes tenestesenter. Det er både trangbudd og upraktisk, og det er stort behov for å finne lokale som er betre eigna.

Kvinnherad kultursenter

Grunna pandemien vart nesten alle arrangement og publikumsaktivitetar i kultursenteret sett på vent frå 18. mars til 18. august. Kinoen hadde nedgang i besøket på 59% i 2020. Stengte lokale delar av året, restriksjonar og storfilmar utsatt eller sett ut på straumingstenester var årsak til dette. Ei lita ombygging i august har gitt ein ny minikiosk og dette har vore med å gi betre service til kinogjestane og salet aukar inntektene til kinoen.

Prosjektet «Modige talent» starta opp i januar men måtte setjast på vent i mars. Kom i gang igjen i august og fekk gjennomført flott framsyning med om 24 ungar i alderen 5 – 16 år. Målsettinga for prosjektet var å etablera eit inkluderande tilbod for barn og ungdom. Tilboden skulle vere utan krav om talent eller personlig økonomi.

Kultursenteret hadde 14 396 besøk i 2020, som er 30 000 færre enn året før. Over 70 større og mindre arrangement vart avlyste eller flytta til 2021. I tillegg har faste leidgetakarar som Husnes blandakor og Husnes musikklag ikkje fått øvd og trimdans og gymnastikk for eldre har og lege nede.



Kvinnherad kultursenter	Tal selde billettar			Tal frammøtte			Tal arrangement		
	2020	2019	2018	2020	2019	2018	2020	2019	2018
Type arrangement									
Kino	5531	13499	14385	5698	13293	15988	270	286	282
Musikk	933	2047	1549	954	2788	2224	7	21	12
Scenekunst	28	710	1196	28	1019	3568	1	11	18
Litteratur/foredrag		-	0	200	500	410	1	7	5
Kurs/konferansar		-	-	2576	2127	1951	116	57	53
Prøver/øvingar		-	-	1995	5670	5562	69	162	159
Anna*		-	-	1608	13310	5643	43	162	105
Totalt	7827	19608	17130	14396	43309	35346	513	722	634

*politiske møte, kulturkafé mm.

Kvinnherad bibliotek

Biblioteket hadde ein auke i utlånet på vel 5000 frå 2019 til 2020. Dette til trass for at biblioteket var korona-stengd frå mars til juni. I denne perioden vart det gjennomført takeaway-bibliotek samtidig den digitale formidlinga vart vidareutvikla. Frå 1. september kom ny bokbuss i drift, og det er nok hovudårsaken til meir utlån. Ambisjonen er å kome opp i 70 000- 80 000 utlån på eit normalår. Kvinnherad bibliotek vart kåra til årets bibliotek i Hordaland 2020; ei særskilt hyggeleg påskjøning!



Besøket er nær halvert frå 2019 til 2020. Grunnen til dette er at biblioteket har vore stengd fleire månader, det har vore færre arrangement og meirope bibliotek var stengd frå mars til november. På bokbussen har det i tillegg vore restriksjonar i kor mange som kan vere inne samtidig. Mange har nyttat moglegheita til å tinge bøker og bokkasser på førehand, noko som har drege opp utlånet.

Tal på arrangement frå 2019 til 2020 er halvert. Grunna pandemien har året vore prega av utsetjingar og avlysingar av arrangement.

Kvinnherad bibliotek	2020	2019
Utlån	55 039	50 640
Besøk	22 634	54 775
Arrangement	118	252

Næringsutvikling

Næringsjef i ny stilling tok til 01.02.20. Frå september tok ny dagleg leiar i Kvinnherad Næringsservice til, og det har vore eit godt samarbeid med denne organisasjonen gjennom året. Særleg har det vore stor aktivitet knytt til moglegheitsstudie og reguleringsplan for grøn næringspark på Husnes.

Det har vore gjennomført ei rekke digitale møter med næringslivet i løpet av 2020. Innan turisme og serveringsbransjen har det vore store utfordringar knytt til Covid 19, men det er gledeleg å konstatere at sommaren 2020 blei ein svært god sesong for mange verksemder innan handel og turisme i heile kommunen.

«Regionalforvaltning» er teke i bruk som ny digital plattform for søknader til næringsfond. Kvinnherad kommune fekk tildelt kr 1,6 mill. frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til ekstra næringsfond, til saman 18 verksemder blei tildelt midlar frå kr 30.000 - 300.000 kvar. Frå det kommunale næringsfondet har det vore 7 tildelingar på til saman kr. 130.000,-.

Landbruk og utmark

Året har vore sterkt prega av Covid 19 men det er likevel arrangert seks landbruksfagmøte saman med Norsk Landbruksrådgiving Vest og dei to skogeigarlagene i kommunen med emne som viltkjøt, feltkontroll av hjortevilt, birøkt, plantevern, arbeidskle for kvinner, betre utnytting av fjellbeiter, biogass, markberedning m.m.

Det er lagt ned mykje arbeid i utvikling av turstiar, og kommunen har overteke mykje av forvaltningsansvaret i Gjuvslandslia på Varaldsøy som er eir nasjonalt utvald kulturlandskap. Ny kommunedelplan for landbruk vart vedteken; det er eit stort arbeid som har gått over fleire år.

Det er høg aktivitet i landbruksnæringa, med mange unge som vil overta gard. Entusiasme pregar næringa i Kvinnherad. Landbrukskontoret freistar å legge til rette med informasjonsarbeid og hjelpe fram nydyrkning, bruksutbygging, prosjekt og søknadar. Det ser ut til at denne strategien har god effekt.

Landbruk og utmark	2020	2019	2018	2017	2016
Søknader om produksjonstilskot (saker/sum tilskot)	240/62.306.710	238/57.000.000	234/-	235/-	242/-
SMIL spesielle miljømidlar (tal saker/sum)	16/525.100	31/985.000	23/568.400	24/654.250	29/763.450
NMSK –nærings -og miljøtiltak i skogbruket	180.000	180.000	60.000	-	-
Tilskot til skogsveg	1.550.975	700.000	88.000	-	-
Driftstilskot	810.891	39.680	-	-	-
Motivasjonsmidlar om forynging i skogbruk	46.000	70.000	-	-	-
Bygdeutviklingssaker Innovasjon Norge (saker/sum tilskot)	3/2.290.000	6/5.600.000	12/8.705.000	13/7.854.000	6/5.050.000
Tilskot til grøfting (statleg/kommunalt)	0/21.610	75.000/103.000	-	-	-
Saker etter lov om motorferdsle utmark	25	25	21	14	10
Saker etter jordlova	6	12	15	22	17
Saker etter konsesjonslova	15	9	25	11	15
Løyve til nydyrkning og deponering (saker/dekar)	15/170	15/83	15/140	11/229	7/42
Skogshogst i kubikkmeter	17.735	17.000	22.000	18.037	27.714
Skogplanting i dekar	29	320	162	15	308
Bygging av landbruksveg, km.*	3,5	7	4	-	-
Fellingsløyve/felte dyr hjort**	1.698/1.427	1.668/1.296	1.455/1.197	1.319/1.026	-
Fellingsløyve/felte dyr rådyr	132/31	130/35	130/33	-	-
Tal trafikkskadd vilt (påkøyrsler/avlivning)	51/23	38/25	62/31	-	-

Landbruk og utmark	2020	2019	2018	2017	2016
Tal skotpremiar (rev/mink/mår/kråke)	44/22/3/224	47/35/7/141	67/29/7/162	-	-

Turisme og vertskap

2020 vart eit svært annleis år for reiselivsnæringa i Kvinnherad. Den 12.mars 2020 stengde Turistinformasjonen i Folgefonsenteret dørene, og i vel ein månad var informasjonstenestene berre tilgjengelege på telefon, nettsider, e-post og i sosiale medium. Frå 21. april og ut året har Turistinformasjonen vore open som vanleg, og med noko utvida opningstid seinhaustes.

I 2020 er det registrert 18 012 besøkande i Turistinformasjonen, mot 31 272 i 2019. Det har vore ein klar hovudvekt av norske turistar. Reduksjon i tal besøkande kan sjåast i samanheng med drastisk reduksjon i tal reisande med Hardangerfjordekspressen.

Ekstraordinære tiltaksmidlar vart nytta til å ha ekstra turistvertar ute i Rosendal/Rosendal Hamn, Bondhus og Husnes, med mange positive tilbakemeldingar. Turistinformasjonen har vore kontaktpunkt for organisering av guidar og utflykter ved cruiseanløp, og har hatt vertar ute på skipa som hadde anløp i 2020. Det var store utfordringar knytt til trafikkavvikling på Bondhus i pinsen 2020. Dette blei for resten av sesongen i stor grad løyst gjennom tilsetting av turistvertar, ei ordning som fungerte godt. Det er elles jobba med langsiktige tiltak knytt til utviding av parkeringsareal, vedtak om parkeringsavgift og betre infrastruktur på staden.

I arbeidet med temaplan for reiseliv vart det gjennomført medverknadsmøter blant ulike reiselivsaktørar i kommunen utover hausten 2020.

Kvinnherad kommune er medlem i både Visit Hardangerfjord og Visit Sunnhordland. Begge destinasjonsselskapa har hatt auka fokus på marknadsføring mot det norske segmentet, og har hatt auka synlegheit i perioden der Noregsferie var i fokus. I tillegg fekk Turistinformasjonen ekstraordinære marknadsføringsmidlar grunna Covid 19. Desse vart nytta til å utarbeide ei samleside (www.visitkvinnherad.no) for heile reiselivsnæringa i Kvinnherad, der målet er å presentere alle tilbod og bedrifter. I tillegg vart det jobba aktivt med å auka tal følgjarar på sosiale medium, då spesielt Instagram.

For besøkssenter Folgefonna Nasjonalpark vart prosjektstillinga som naturvegleiar vidareført, med ny tilsett i stillinga frå september.

Planlegging og berekraft

Folkehelse har ein vesentleg plass i alt planarbeid. FN sine mål om berekraft er innarbeidd i ny folkehelseoversikt. Kommunen deltek i det nasjonale folkehelseprogrammet. Programmet har mål om å styrka kompetansen til kommunane om kva tiltak som gjer stor effekt på utjamning av sosiale helseforskjellar, spesielt retta mot psykisk helse og rusførebygging. Gjennom programmet får Kvinnherad kommune eit tilskot på 2,4 millionar fordelt over 3 år.

I oktober vart planstrategi for perioden 2020 – 2024 vedteken i kommunestyret. Dette er ei svært omfattande «tinging» av planarbeid som dekker eit vidt spekter av plantypar, alt frå overordna kommuneplan, til områdereguleringsplanar, detaljreguleringsplanar og temaplanar av svært ulik karakter. I tillegg til alle dei offentlege planprosessane i planstrategien, har avdeling plan også ansvar for behandling av private forslag til reguleringsplanar, samt fagområda naturvern, fokehelse og klima (medrekna naturfare). Talet på private reguleringsplanar som vert handsama er forholdsvis stabilt samanlikna med tidlegare år.

Arbeidet med #kvinnherad2050 (ny kommuneplan, både samfunnsdel og arealdel) har kome i godt gjenge, og samfunnsdelen gjekk ved årsskiftet inn siste fase før sluttbehandling. Vi ser likevel at vi ikkje får prioritert den overordna planlegginga så høgt som vi ynskjer. Det er ofte andre prosessar og oppgåver som også må prioriterast, noko som gjer at særleg arealdelen

vert «skubba på» i tid. Utfordringar knytt til kvikkleire er døme på oppgåver som tek ressursar frå planlegginga, men som likevel er heilt naudsynt å prioritere.

Dei største offentlege planprosjekta i 2020 har vore #kvinnherad2050, områdereguleringsplan for Sunde, områdereguleringsplan for Rosendal og områdereguleringsplan for grøn næringspark på Husnes.

Folketalsprognosane for Kvinnherad dei neste åra er ikkje positive. For å motverke dette vert det gjennom #kvinnherad2050 lagt stor vekt på å leggje til rette for næringsutvikling og bustadbygging. Dette vert det jobba med på fleire ulike plan. Kvinnherad skal bli attraktiv, frisk og grøn, mellom anna gjennom god planlegging og gjennomføring av kommunestyret sin planstrategi.

Byggesak og geodata

Avdeling byggesak og geodata vart oppretta i 2020 og inneheld mykje av funksjonane som låg til tidlegare «Seksjon forvaltning». Auka i tilgang på kurs i koronatida har tillate meir fagleg påfyll via videomøte/webinar. Dette har vore nyttig og naudsynt for å halda seg oppdatert på regelverksendringar på dei forskjellige fagområda tillagt avdelinga.

I 2020 har avdelinga jobba med fleire andre kommunar for innkjøp av eByggesak, som ledd i digitalisering som på sikt skal gje effektivisering av arbeidet og avhjelpe tidlegare manuell rapportering. Arbeidet er venta ferdigstilt og tatt i bruk i 2021. I det daglege vert det jobba med rettleiing av søkerar gjennom telefon, møte og anna kommunikasjon. Det er ein stor del søknadar om dispensasjoner frå arealplan og byggefobod, dette krev mykje tid og endar ofte med klagebehandling som i seg sjølv er ein tidkrevjande prosess.

Det har i 2020 ikkje vore kapasitet til å føre tilsyn. Det vart tilsett avdelingsleiar og rådgjevar byggesak hausten 2020, noko som skal betre kapasiteten og styrke arbeidet med tilsyn. Det er likevel ei utfordring er å gjennomføre dette utan øyremerkte ressursar til arbeidet.

I 2020 er det kjøpt nytt landmåleutstyr og jobba vidare med vedlikehald av kartgrunnlaget. Det vert jobba med delegerte delingsløyver, seksjonering- og reseksjoneringsløyver.

Oppmålingskontoret bidreg og i kommunen si formidling av eigedomsinformasjon. Det vart i 2020 starta eit arbeid med å gå over til ny og meir effektiv løysing via felles nettportal. Dette er venta kart for bruk i 2021.

Miljøretta helsevern har i 2020 hatt inne eit vikariat grunna redusert bemanning. Det har vore jobba med rettleiing, tilsyn og handsaming av utsleppsløyve. På bakgrunn av Fylkesmannens tilsyn med Kvinnherad kommune i 2019 var det eit vilkår for lukking av avvik at kommunen skal lage plan for tilsyn med private avløpsanlegg som skal gjelde for 2021. Dette arbeidet vart ikkje fullført i 2020 grunna manglande ressursar.

Oktober 2020 vart det tilsett rådgjevar på eigedomsskatt etter lengre tid utan fast personell til arbeidet. Av store endringar for fagområdet i 2020 kan det nemnast at kommunestyret i september 2020 vedtok at Kvinnherad kommune skal nytte Skatteetaten sin likningsverdi som grunnlag for eigedomsskatt på primærbustader frå 2021. Det er òg starta arbeid med å førebu ny hovudtaksering i 2021.